

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Utval for opplæring og helse</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
<b>Dato:</b>	14.05.2019
<b>Tid:</b>	10:00

### Program

- 10:00 Orientering om samarbeidsmodellen om kompetanseutvikling v/seksjonsleiar regionalavdelinga Kathrin Jacobsen (tidsramme 5 min)
- Kunnskapsgrunnlag for Nordhordland – kompetanserapporten v/leiar i Nordhordland næringslag Baste Tveito (tidsramme 15 min.)
- 10:20 Sakshandsaming
- 12:00 Lunsj i kantina
- 12:30 Sakshandsaminga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålikoff Gadolin  
utvalsleiar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 33/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 34/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 35/19	Referatsaker (meldingar)		
PS 36/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
RS 15/19	Administrative vedtak i klassestrukturen skuleåret 2019/20	2018/16397	
RS 16/19	Nedleggelse av programområdet automasjon	2018/16397	
RS 17/19	Oppfølgingstenesta (OT) sitt arbeid med ungdom som er koda som "ukjent aktivitet"	2018/8502	
RS 18/19	Vedk. spørsmål om praktisering av skjønsmessig inntak for elevar med lang reiseveg	2016/8071	
RS 19/19	Svar på spørsmål vedk. seksuell trakassering	2019/10751	
RS 20/19	OPHE PS 17/19 Svar på spørsmål om «Lokalisering av Karrieresenter Bergen frå 2020 til nytt fylkesbygg er etablert»	2019/10521	
RS 21/19	Program for folkehelsearbeid i Hordaland. Status programarbeidet og endra økonomiske rammer	2018/10978	
PS 37/19	Ymse		
PS 38/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 3 - 2019	2019/1432	
PS 39/19	Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket	2018/16397	
PS 40/19	Bømlo vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk	2014/11864	
PS 41/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar	2017/1228	
PS 42/19	Høyring - om endringar i forskrift om utdanningsstønad for elevutveksling til utlandet	2019/10703	
PS 43/19	Eigenandel elev-PC 2019	2017/3598	

**PS 33/19 Godkjenning møteinnkalling og saksliste**

**PS 34/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**PS 35/19 Referatsaker (meldingar)**

**PS 36/19 Innkomne spørsmål frå politikarane**



## Notat

Dato: 12.04.2019  
Arkivsak: 2018/16397-3  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Administrative vedtak i klassestrukturen skuleåret 2019/20

Til grunn for administrative endringar i klassestrukturen ligg hovudsakleg primærsøkjertala med ungdomsrett til dei vidaregåande skulane per 1. mars 2019. Sekundærsøkjertala (særleg ønskje 2) vil også ofte vere tatt med i vurderinga. Vurderinga er konkret for den einkilde skule, men det kan også vere tatt omsyn til søkjartalet for det aktuelle utdanningsprogram/programområde i regionen.

Følgjande administrative endringar blir gjort for skuleåret 2019/20:

#### Bømlo vidaregåande skule

- **Reduksjon:** 0,5 klasse Vg2 Helsearbeidarfaget
- **Auke:** 0,5 klasse Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget

#### Fitjar vidaregåande skule

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Helse og oppvekstfag  
0,5 klasse Vg1 Restaurant- og matfag
- **Auke:** 0,5 klasse Vg2 Kokk-/servitørfag

#### Rubbestadnes vidaregåande skule

- **Auke:** 1 klasse Vg1 Teknikk og industriell produksjon

**Stord vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Bygg- og anleggsteknikk  
0,5 klasse Vg2 Kjøretøy  
0,5 klasse Vg2 Industriteknologi
- **Auke:** 1 klasse Vg2 EI-energi

**Kvinnherad vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Helse- og oppvekstfag
- **Auke:** 1 klasse Vg1 Teknikk og industriell produksjon

**Odda vidaregåande skule**

- **Auke** 1 klasse Vg1 Teknikk og industriell produksjon  
0,5 klasse Vg2 Industriteknologi (under føresetnad av at Vg2 Kjøretøy blir lagt ned i den politiske saka).

**Voss gymnas**

- **Auke:** 2 klasser Vg1 Helse og oppvekstfag. (Ein av klassane skal i hovudsak vere for minoritetsspråklege elevar)

**Voss vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 0,5 klasse Vg2 Anleggsgartner og idrettsanlegg
- **Auke:** 0,5 klasse Vg2 Arbeidsmaskiner

**Os vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Service og samferdsel
- **Auke** 1 klasse Vg2 Sal, service og tryggleik

**Fusa vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Teknikk og industriell produksjon  
1 klasse Utdanningsprogrammet RM
- **Auke:** 1 klasse Vg1 Naturbruk  
1 klasse Vg1 Helse og oppvekstfag

**Arna vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

**Bergen katedralskole**

- **Auke:** 1 klasse Vg2 Studiespesialiserande utdanningsprogram

**Bergen maritime vidaregåande skole**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg2 Automatisering
- **Auke:** 1 klasse Vg2 Brønnteknikk  
1 klasse Vg3 Automatisering

**Sandsli vidaregåande skole**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg2 Kokk- og servitørfag

**Slåtthaug vidaregåande skole**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Helse og oppvekstfag
- **Auke:** 1 klasse Vg2 Helsearbeidarfaget

**Sotra vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg2 Helsearbeidarfaget
- **Auke:** 1 klasse Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget,

**Åsane vidaregåande skole**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Elektrofag.

**Årstad vidaregåande skole**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg3 Hudpleiar  
1 klasse Vg2 Studiespesialiserande  
1 klasse Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
- **Auke:** 1 klasse Vg1 Design og handverk

**Austrheim vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Bygg- og anleggsteknikk  
0,5 klasse Vg2 Kjøretøy  
0,5 klasse Vg2 Industriteknologi

**Knarvik vidaregåande skule**

- **Reduksjon:** 1 klasse Vg1 Elektrofag  
1 klasse Vg1 Service og samferdsel
- **Auke:** 1 klasse Vg2 Byggteknikk  
1 klasse Vg1 Teknikk og industriell produksjon

**Fra:** Berit Dianne Kilvær (Berit.Dianne.Kilvaer@hfk.no)

**Sendt:** 24.04.2019 11:15:28

**Til:** Berit Dianne Kilvær

**Kopi:**

**Emne:** Nedleggelse av programområdet automasjon

**Vedlegg:** Innspill til politisk behandling i HFK ang.docx

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Liv Rønning** <[Liv.Ronning@hfk.no](mailto:Liv.Ronning@hfk.no)>

Dato: fre. 12. apr. 2019 kl. 12:07

Emne: Nedleggelse av programområdet automasjon

Til: Roald Stenseide <[roa-stei@online.no](mailto:roa-stei@online.no)>, Tom Knudsen <[tomknuds@online.no](mailto:tomknuds@online.no)>, Birgitte Svanevik <[birgitte.svanevik@bkk.no](mailto:birgitte.svanevik@bkk.no)>, [sos@ks.no](mailto:sos@ks.no) <[sos@ks.no](mailto:sos@ks.no)>, Roger Pilskog <[roger.pilskog@lo.no](mailto:roger.pilskog@lo.no)>, Rita Jordal <[rita.jordal@fagforbundet.no](mailto:rita.jordal@fagforbundet.no)>, Atle Rasmussen <[atle.rasmussen@elogitbergen.com](mailto:atle.rasmussen@elogitbergen.com)>, Fredrik Øsleby <[fredrik.osleby@gmail.com](mailto:fredrik.osleby@gmail.com)>, Tor Andre Ljosland <[taljosland@gmail.com](mailto:taljosland@gmail.com)>, John Helge Gullaksen <[jo-helgu@online.no](mailto:jo-helgu@online.no)>, [toml@framo.no](mailto:toml@framo.no) <[toml@framo.no](mailto:toml@framo.no)>, [terje.hansen@scandichotels.com](mailto:terje.hansen@scandichotels.com) <[terje.hansen@scandichotels.com](mailto:terje.hansen@scandichotels.com)>, [Marie.Stordal@bergen.kommune.no](mailto:Marie.Stordal@bergen.kommune.no) <[Marie.Stordal@bergen.kommune.no](mailto:Marie.Stordal@bergen.kommune.no)>, [Jill.Hellem@delta.no](mailto:Jill.Hellem@delta.no) <[Jill.Hellem@delta.no](mailto:Jill.Hellem@delta.no)>, [atle.wedaa@fellesforbundet.org](mailto:atle.wedaa@fellesforbundet.org) <[atle.wedaa@fellesforbundet.org](mailto:atle.wedaa@fellesforbundet.org)>, [elisabeth.refvik@gmail.com](mailto:elisabeth.refvik@gmail.com) <[elisabeth.refvik@gmail.com](mailto:elisabeth.refvik@gmail.com)>, Vilde Stokken <[vilde.stokken@lo.no](mailto:vilde.stokken@lo.no)>, [ag.hestetun@gmail.com](mailto:ag.hestetun@gmail.com) <[ag.hestetun@gmail.com](mailto:ag.hestetun@gmail.com)>, Emil Lennart Pålikoff Gadolin <[emil.gadolin@gmail.com](mailto:emil.gadolin@gmail.com)>

Kopi: Odd Bjarne Berdal <[Odd.Bjarne.Berdal@hfk.no](mailto:Odd.Bjarne.Berdal@hfk.no)>, Thora Stendal <[Thora.Stendal@hfk.no](mailto:Thora.Stendal@hfk.no)>, Stig Haldorsen <[Stig.Haldorsen@hfk.no](mailto:Stig.Haldorsen@hfk.no)>, Roy Sørskår <[Roy.Sorskar@hfk.no](mailto:Roy.Sorskar@hfk.no)>, Oddvin Årdalsbakke <[Oddvin.Ardalsbakke@hfk.no](mailto:Oddvin.Ardalsbakke@hfk.no)>, Linda-Helen Rosendahl <[Linda-Helen.Rosendahl@hfk.no](mailto:Linda-Helen.Rosendahl@hfk.no)>, Laila Heggernes <[Laila.Heggernes@hfk.no](mailto:Laila.Heggernes@hfk.no)>, Johanne Knudsen <[Johanne.Knudsen@hfk.no](mailto:Johanne.Knudsen@hfk.no)>

Vedlagt argumentasjon for å opprettholde vg2 og vg3 automasjon ved Slåtthaug videregående skole. Jeg ber dere ta dette med både i møte i yrkesopplæringsnemnda og i utvalg for opplæring og helse. Send gjerne dette videre til andre aktuelle personer.

Med ønske om en riktig god påske.

Venleg helsing

**Liv Rønning**

Rektor



Tlf: (+47) 55 14 04 12 | Mob: 445238806

[Skolen si heimeside](#) | [Facebook](#)



## **Innspill til politisk behandling i HFK ang. VG2 automatisering SLV videregående skole.**

- Forrige skoleår ble det lagt ned en vg1 klasse ved vår skole, og det ser vi får konsekvenser for søkertallet til vg2. Det er viktig å ha et bredt tilbud innenfor utdanningsprogrammene for å ivareta et godt fagmiljø, og da er det ikke en løsning å ha et lite tilbud spredt på flere ulike skoler.
- 75% av våre Vg3 automatiseringselever inneværende skoleår 2018/19 som ønsker læreplass har fått læreplass pr.1.04.19.
- Slåtthaug vgs. har nedslagsfelt for ungdom i Bergen sør fra Fana – Arna - Os – Fusa – Odda og distriktet rundt. Vi ligger sentralt til i forhold til dagens kollektivtilbud, noe som gjør tilgjengeligheten for ungdommen enkel.
- Skolen er pr. dags dato eneste skole i Bergen sør som har VG2/VG3 automatiseringsfaget.
- Slåtthaug vgs. har i de senere år opparbeidet gode relasjoner til næringslivet og dermed gode arbeidspraksis/læreplass muligheter for våre VG2/VG3 automatiseringselever.
- Inneværende skoleår har elevene på VG2/VG3 automatisering vært utplassert i arbeidspraksis i tilsammen nærmere 30 bedrifter.
- Det har vært 2 til 3 arbeidspraksisperioder i lokalt næringsliv der hver elev har vært i minst to bedrifter.
- Vi har 100% arbeidspraksis for våre VG2/VG3 automatiseringselever i YFF faget.
- Automatikere er «fremtidens mekanikere».
- Skolen har de senere år investert i nytt relevant teknologisk utstyr til bruk i våre automatiserings klasser for å sikre et gjennomgående løp fra vg1 til vg3. Ved arbeidspraksis i bedriftene er dette en styrke for våre elever. Et flertall av bedriftene har samme utstyr som våre elever blir opplært i på skolen. Skolen har blant annet satset på robotisering og prosessimulering. Her har vi bygget opp et helt rom på skolen med et fullskala prosessimuleringsanlegg lik det man finner i industri og offshore, og der det eksempelvis er mulig å kjøre forskjellige simuleringer innen prosess og nød avstenging, med de muligheter som ligger i en førsteklasses virkelighetsnær praksis for våre elever på VG2 og VG3 Automasjon.
- Lærerne innen elektro/automatisering på avdelingen har høy faglig kompetanse og har etterutdannet seg både faglig og pedagogisk de siste årene.
- Slåtthaug vgs. har erfarne, oppdaterte lærerressurser innen automatiseringsfaget.

I år har skolen gjort gode grep for å få kontinuitet og kvalitet i undervisningen for automatiseringsklassene. Det er satt inn stabile lærerressurser med lang og bred erfaring i fagområdet. Dette synliggjøres ved at antall læreplasser i skrivende stund allerede er 75% for våre VG3 automatiseringselever.

Jeg viser også til [Skolebruksplanen](#) hvor det ikke bare er beskrevet dimensjonert økning, men også å opprettholde tilbud på skoler som har store og gode verkstedsareal. Det har vi på Slåtthaug videregående skole.

**Slåtthaug 12.april 2019.**

**Liv Rønning**

**Rektor**



## Notat

Dato: 12.04.2019  
Arkivsak: 2018/8502-4  
Saksbehandlar: annlau

---

**Til:** Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Oppfølgingstenesta (OT) sitt arbeid med ungdom som er koda som «ukjent aktivitet».

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå Utval for opplæring og helse, PS 42/2018 «Fråfall og oppfølging – tiltak», og til møteprotokoll i fylkesutvalet, PS 240/2018 «Framlegg til tiltak for å sikre at oppfølgingstenesta får kontakt med ungdom koda som *ukjent aktivitet*. Konsekvens for kapasiteten».

I fylkesutvalet 19.09.18, sak PS 240/2018, vart fylgjande vedtak fatta:

«Fylkesutvalet seier seg nøgd med arbeidet som oppfølgingstenesta har gjort for å sikre betre oversikt over status for dei ungdomane ein ikkje får kontakt med. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gje ein ny status for arbeidet våren 2019.»

I denne meldinga gir fylkesrådmannen, etter ei kort innleiing, greie for korleis systematisk arbeid, frå det vart lagt fram sak om ungdom i ukjent aktivitet i april 2018 og fram til i dag, har redusert talet på ungdom koda som «ukjent aktivitet». Tidleg kontakt og gode tiltak er viktig førebyggjande arbeid, slik at ungdomane kan vere i aktivitet og oppleve meistring til dei er klare for å søkje seg tilbake til opplæring.

Tabellen, lasta ned frå statistikkportalen til UDIR 10.04.19, viser tal unge i OT si målgruppe, kor mange som er i ukjent aktivitet, under oppfølging og kor mange som er komne i aktivitet og er avklara etter å ha vore i kontakt med OT. I denne meldinga er det talet på ungdom i ukjent aktivitet som er det sentrale.

### Kort presentasjon av oppfølgingstenesta (OT) i Hordaland.

Tenesta tilbyr rettleiing og har eigne tiltak og/eller koordinerer tiltak for at ungdomane skal kome i aktivitet. Ungdom, føresette og andre kan ta direkte kontakt med OT utan tilvising. Målgruppa er ungdom med rett til opplæring etter § 3–1 i opplæringslova som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Tilbodet om oppfølging gjeld til og med det skuleåret ungdomen fyller 21 år. OT skal sørge for at all ungdom som tilhører målgruppa får tilbod om kompetansefremjande opplæring, arbeid eller aktivitet, jf. *forskrift til opplæringslova § 13-2*. Tilboda skal føre fram til studie-, yrkes- eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta pliktar å ha oversyn over alle i målgruppa (*Forskrift til opplæringslova § 13–3*), og det vert arbeidd kontinuerleg og systematisk gjennom heile skuleåret for å få tak i ungdomane. OT har informasjon om ungdomen si bustad- og folkeregistrerte adresse. OT har òg e-post og mobilnummer til ungdomane og føresette, om dei har valt å oppgje dette. OT sender brev, SMS og e-post til alle i målgruppa, og tilbyr rettleiing og informasjon om utdanning og aktivitet. Fleire gongar i løpet av skuleåret vert det ringt til dei ungdomane som ikkje svarer og som ikkje gir tilbakemelding på kva aktivitet dei er i. OT

kodar ikkje om ungdomar før svar frå ungdomane er registrert. OT samhandlar med skulane, helse og med NAV for å få informasjon om ungdomane sin aktivitet. utfordringar her er GDPR – lovgjevinga. Oppfølgingstenesta har vore i kontakt med fylkesmannen for å sikra at dette arbeidet vert utført på rett måte.

### Fagsystemet til OT

VIGO-OT er eit nytt og brukarvenleg fagsystem som lettare gir oversikt over målgruppa. Kodinga er blitt meir intuitiv, og det er lettare for OT- rådgjevarar å arbeide likt. Det gir betre oversikt og gjer at OT kan arbeida meir faktabasert. Fagsystemet gir òg moglegheit til å overføre informasjon mellom fylka, slik at ein kan få tidleg kontakt med ungdomane som flyttar til fylket. OT i HFK sender informasjon til andre fylke når ungdomar flyttar frå Hordaland. Systemet opnar også for å senda SMS og e-post til ungdomane.

### Avklaringssamtalen

Oppfølgingstenesta er generelt godt nøgd med resultatet av det systematiske arbeidet, der talet på ungdom i ukjent aktivitet har gått ned. Samarbeidet med skulane fungerer tilfredsstillande. Avklaringssamtalen, både form og innhald, er nyleg revidert for å kunne møte elevane og behova deira betre. I revideringsarbeidet deltok fleire skulerådgjevarar, Rådgiverforum i Hordaland og elev- og lærlingombodet. Når OT blir kopla på før elevane sluttar på skulen, hindrar ein at dei vert koda som ukjent aktivitet («OTUK»). Alle elevar som står i fare for å slutte på skulen skal kallast inn til avklaringssamtale saman med skulen og med OT. Målet med samtalene er å førebyggje avbrot, skape ein positiv relasjon mellom elev og OT, og skape ein konstruktiv arena der ungdomen kan få møte og leggje fram eigne opplevingar og erfaringar.

### Bruk av tal for å få fram fakta.

Du ser på: Begge kjønn (kjønn), Alle aldersgrupper (aldersgruppe), Alle tilmeldingskoder (tilmeldingskode)

Maalgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	Februar 2018		November 2018		Februar 2019	
	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland
- I målgruppe	15 316	1 858	12 060	1 215	13 301	1 378
+ Ukjent aktivitet	1 528	233	2 836	200	1 755	109
+ Under oppfølging og veiledning	3 738	465	3 202	363	3 893	410
+ I aktivitet	6 379	772	3 433	382	4 398	483
+ Avklart	3 671	388	2 589	270	3 255	376

#### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ⚡ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år.

Kjelde: Statistikkpostalen UDIR (<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/ungdom-utenfor-opplaring-og-arbeid>)

### Talet på ungdom i ukjent aktivitet (OTUK) - samanlikning februar 2018 og februar 2019

Tala i tabellen er ikkje heilt samanliknbare, då tal ungdomar i målgruppa er ulik. Reknar vi i prosent vil vi kunna sjå ei positiv utvikling for dei ungdomane som er under oppfølging og rettleiing (25,02 % i 2018 og 29,75 % i 2019).

Februar 2019 var 109 ungdomar i ukjent aktivitet, mot 233 året før. Dette er ein reduksjon på 124 ungdomar, og lågaste tal nokon gong. (12,54 % av ungdomane i målgruppa i februar 2018 var i ukjent aktivitet, mot 7,9 % inneverande år).

55 av dei 109 ukjente har folkeregistrert adresse i Bergen kommune. OT vil, i samarbeid med skular, politi, barnevern og helse, arbeida enda meir fråfallsførebyggjande opp mot desse for å kome i posisjon til å rettleie dei inn i utdanning eller arbeid.

**Notat**Dato: 30.04.2019  
Arkivsak: 2016/8071-3  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Vedk. spørsmål om praktisering av skjønnsmessig inntak for elevar med lang reiseveg**

Aud Karin Oen (Sv) har stilt spørsmål om korleis ordninga med skjønnsmessig inntak til nærskulen for elevar med lang reiseveg vert praktisert. I den samanhengen var det arrangert eit møte med opplæringsavdelinga, fylkerådmannen, Aud Karin Oen (Sv) og Pål Kårbø (Krf) om problemstillinga 29. januar. Denne meldinga er ei orientering slik at alle politikarane har same informasjon.

Retten til skjønnsmessig inntak er regulert i den lokale inntaksforskrifta § 2(3).

*Elevar som får urimeleg lang reisetid, har rett til inntak på nærskulen etter skjønnsmessig vurdering. For å få rett til slik vurdering må eleven ha ført opp nærskulen som sitt førsteval. Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrid 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.*

Praksis er slik det framgår i inntaksforskrifta at elevar som søker skjønnsmessig inntak på grunn av lang reiseveg må ha nærskulen som sitt førsteval. I tillegg må dei innan 1. juni sende eit eige skjema der det går fram at dei søker om skjønnsmessig vurdering på grunn av lang reiseveg.

Fylkesrådmannen har sett på om det er mogleg å få lagt inn ein kode/avkryssing for lang reiseveg ved innsøking i Vigo. Vurderinga er at det diverre ikkje var mogleg å gjennomføre dette inneverande år av følgjande årsaker:

1. Inntaket opna 10. januar, det betyr at mange allereie hadde søkt 30. januar. Nokre søkjargrupper har søknadsfrist 1. februar. Fylkesrådmannen vurderte det som uheldig å endre reglane midt i ein inntaksperiode.
2. Den tekniske løysinga som kan tilpassast vil vere dårleg. Det ville truleg resultert i mykje manuelt arbeid i etterkant og vil ikkje tene formålet om å la dei som har reell lang reiseveg få prioritet på nærskulen.

Opplæringsavdelinga arrangerer kvart år samlingar for rådgjevarane ved ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. På rådgjevarsamlingane vert det informert om retten til skjønnsmessig vurdering for ungdom med lang reiseveg. Rutinane er også omtala i inntakskatalogen og på fylkeskommunen sine nettsider.

Prinsippet om eigen søknad om å verte vurdert for inntak til nærskulen på grunn av lang reiseveg er lagt til grunn også for årets inntak.

Fylkesrådmannen har merka seg problemstillinga og vil ta dette med i det vidare arbeidet med nytt inntaksreglement og i utgreiinga av nærskuleprinsippet i Vestland fylkeskommune.

**Notat**Dato: 23.04.2019  
Arkivsak: 2019/10751-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

<b>Til:</b>	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet Fylkestinget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Svar på spørsmål vedk. seksuell trakassering**

Fylkesrådmannen viser til møte i FT 05.03.19 sak 05/2019 der Jeanett Syversen (R) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Jeg oppfordrer fylkesrådmannen og administrasjonen i Opplæring og Helse om å legge frem vurdering, som tar sikte på å avdekke om jenters skolehverdag i HFK er preget av kjønnsdiskriminering og sexismen.»

I 2017/18 var det mykje merksemd og heftig ordskilde nasjonalt og internasjonalt kring saker knytt til seksuell trakassering i arbeidslivet. Gjennom sida «Metoo» på Facebook vart det løfta fram saker som bidrog til å sette i gang ein meir generell debatt om kva som er akseptabel åtfærd i arbeidslivet. I kjølvatnet av debattane har private og offentlege verksemder sett tema på dagsorden. Ein har i større grad sett behov for å kartlegge førekomst av seksuell trakassering/krenking. Dette har ført til at spørsmål om seksuell trakassering har blitt inkludert i fleire interne arbeidsmiljøundersøkingar.

I vinter stod nokre unge, kvinnelege elevar i vidaregåande opplæring fram og etterlyste ein tilsvarande debatt for elevar i skulane. Dei meinte det var viktig at tema som seksuell trakassering, uønskt seksuell merksemd og krenkande språkbruk vart sett på dagsorden, og ikkje berre akseptert som noko som unge jenter skal tåle.

Paragraf 9a i opplæringslova slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er eleven si subjektive oppleving som skal leggast til grunn i vurderinga. Dei seinare åra har krava til skuleeigar og skulane blitt skjerpa. Det gjeld særleg kravet til rutinar og dokumentasjon for å avdekke, varsle, undersøke og følge opp saker der det er mistanke om til dømes mobbing eller andre krenkingar. Kravet om nulltoleranse for mobbing har ført til at det ikkje er høve til å avvise mistanke/varsel på grunnlag av lokale, kulturelle trekk ved miljøet eleven oppheld seg i. For lærlingar er retten til eit godt psykososialt miljø forankra i arbeidsmiljølova.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å avdekke om elevar og lærlingar vert utsette for seksuell trakassering slik at dei ikkje får oppfylt retten til eit trygt og godt psykososialt miljø. Fylkesrådmannen vil følge opp følgjande tiltak for å sikre at ingen elevar eller lærlingar skal oppleve seksuell trakassering/krenking i opplærings situasjonen.



1. **Kartlegging av omfang gjennom generelle miljøundersøkingar.** Elevundersøkinga og lærlingundersøkinga er ei viktig kjelde til informasjon om skule- og arbeidsmiljø. Fylkesrådmannen vil gå i dialog med Utdanningsdirektoratet for å undersøke om det er mogleg å få inn spørsmål om seksuell trakassering i undersøkingane som gjeld vidaregåande opplæring. Resultata vil bli følgt opp gjennom kvalitetsoppfølginga i dialog med skular og arbeidsliv.
2. **Forsking på samanheng mellom språkbruk og haldningar.** Folkehelseinstituttet skal gjennomføre ei undersøking om bruk av sosiale medium blant elevar ved to vidaregåande skular i Bergen. Undersøkinga er ledd i eit større samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune finansiert gjennom Program for folkehelsearbeid i kommunane. Det er forventa at ein gjennom dette prosjektet vil få meir kunnskap om i kva grad ungdommar opplever samhandling i sosiale medium som helsefremjande/hemmande. På grunnlag av funna vil ein undersøke korleis ein kan styrke folkehelsearbeidet gjennom sosiale medium, og ein vil involvere elevane i tiltaksutforminga.
3. **Undervisninga.** Folkehelse og livsmestring vil vere eit tverrfagleg tema i det nye læreplanverket, og det har i den samanheng vore peikt på behovet for at ein i norske skular bør ta meir ansvar for å legge til rette for god undervisning som kan fremje refleksjon og læring kring seksuell helse og identitet. I tillegg til oppdatert kunnskap om ulike tema, vil det vere viktig å legge til rette for samtaler om kva som er akseptabel åtfærd. Det blir viktig å tilby relevant kompetanseutvikling for lærarar.

**Notat**Dato: 09.04.2019  
Arkivsak: 2019/10521-1  
Saksbehandlar: katjako

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**OPHE PS 17/19 Svar på spørsmål om «Lokalisering av Karrieresenter Bergen frå 2020 til nytt fylkesbygg er etablert»**

Karriere Hordaland tilbyr karriererettleiing til alle vaksne i Hordaland over 19 år. 2018 var første kalenderår med full drift av alle lokasjonar, og 685 individ fekk tilsaman 1303 samtalar. Måлтаlet første år var 450 individ. Måltall for 2019 er sett til 850 individ, mens rapportert aktivitet pr 1.april er allereie 422 individ fordelt på 673 samtalar. Fylkesrådmannen registrerer at tenesten Karriere Hordaland gradvis vert mer kjend blant vaksne, og det gjer seg utslag i aukande aktivitet. Dei viktigaste informasjonskanalane Karriere Hordaland har nytta så langt er retta avisartiklar og radio, og å gjere oss kjent for andre organisasjonar og etatar som kjem i kontakt med vaksne som kan ha nytte av tilbodet. Karriere Hordaland er også på sosial mediar. Karriere Hordaland skårar høgt på den nasjonale brukarundersøkinga (vert offentleg primo mai) vi tar del i på linje med alle andre fylkesvise karrieresenter i Norge. Fylkesrådmannen ser at mange nyttar tilbodet etter anbefalingar frå venner og kjente som allereie har nytta tenestene.

Karriere Hordaland har eit stort geografisk nedslagsfelt, og karrieresenteret i Bergen har flest besøkande (413 individ i 2018 og 230 individ så langt i 2019). Karriere Hordaland har vidare fordelt ressursane på ein fysisk lokasjon i Knarvik og ein i Leirvik. Desse har i tillegg faste kontordagar kvar månad i Austrheim, Husnes og Etne. For å nå enda breiare har vi også tilbod om karriererettleiing via videolink og telefon. Karriere Hordaland skal auka tilbodet som gjer at veksøkarar ikkje alltid må komme til våre lokasjonar, og ønsker å bidra i det nasjonale prosjektet om nasjonal digital karriererettleiingsteneste. <https://www.kompetansenorge.no/Karriereveiledning/nasjonal-digital-karriereveiledningstjeneste/>. Det arbeidet henger nært saman med det parallelle arbeidet som Kunnskapsdepartementet initierte for å utvikle eit nasjonalt kvalitetsrammeverk for alle karriererettleiing i Norge <https://www.kompetansenorge.no/Karriereveiledning/kvalitet-i-karriereveiledning/> Karriere Hordaland ved leiar har vært tett knytt til det utviklingsarbeidet.

Fylkesrådmannen legg til grunn at Karriere Hordaland skal flyttast til Sandsli på linje med andre avdelingar knytt til fylkeshuset, jmf politiske vedtak. Det har likevel vore vurdert andre alternativ ut frå argumenta om at det er eit meir utadretta tenestetilbod enn andre funksjonar som i dag held til i fylkeshuset og at tenesta difor må vere mest mogleg tilgjengeleg for publikum. Erfaringane med auka pågang frå veksøkarar, spesielt i Bergen, har ført til at «det å vere tilgjengelig for publikum» ikkje berre er knytt til fysisk avstand til senteret, men òg avstand i tid før ein kan sleppe til. I dag må alle som skal nytte tenesta, bestille time. Opplevinga av å ikkje finne ledige timar før om 4 veker, er eit større hinder for mange enn å måtte reise med buss eller bil. Vi har til dømes hatt mindre ventetid i Knarvik, enn i Bergen, og det har ført til stor

tilstrøyming fra folk som bur i Bergen og andre delar av Bergensregionen, eksempelvis Region Vest. Det vil vere gode grunnar til å ha eit sentrumsnært tilbod, men med dei økonomiske rammene fylkeskommunen og Karriere Hordaland skal arbeide under, i lys av stadig aukande behov, vil det vere ei direkte svekking av økonomien til Karriere Hordaland å måtte gå ut på leigemarknaden i Bergen sentrum. Det er naudsynt med større areal enn det som i dag er tilgjengelig i eksisterande fylkesbygg. Det vil gå hardt utover og må ta direkte fra driften. Vi vil då få mindre bemanning. Det vil gjere oss mindre tilgjengeleg. I Vestland fylkeskommune vil dei geografiske avstandane også krevje at vi tenkjer nytt for å sjå til at alle vaksne innbyggjarar kan få eit best mogleg og mest tilgjengeleg tilbod.

Med dette som utgangspunkt ønskjer Fylkesrådmannen å nytte dei gode og store lokale på Sandsli til å utvikle tenestene i fleire retningar, både i form av betre digitale løysingar, men og utvikling av gode sjølvhjelpsressursar. Lokala er godt eigna til å prøve ut, teste og få erfaring med utbygging av eit unikt kraftsenter for karriererettleiing i Vestland. Karriere Vestland skal både tilby individuelle karrieretenester på ulike plattformer, og skal utviklast til eit kompetansesenter for karriererettleiing. Det vil vere ein fordel å disponere gode og store lokale for å tilby kompetanseheving for karriererettleiarar i skuleverket, NAV, UH sektor mv.

Etableringa av Nye Karriere Vestland, frå 01.01.2020, skjer i ei tid kor nasjonale styresmakter satsar på karriererettleiing, fagleg og ikkje minst i høve tilgjengelegheit på mange fleire måtar enn fysisk oppmøte. Det nye fylkeshuset som skal stå ferdig i 2023, vil vere ein flott arena for å synleggjere karrieretenestene til fylkeskommunen, og lokala på Sandsli vil kunne bidra til å prøve ut korleis eit framtidssretta karriererettleiing i Vestland og Norge skal sjå ut.

**Notat**Dato: 12.04.2019  
Arkivsak: 2018/10978-16  
Saksbehandlar: elsaaro1

---

<b>Til:</b>	Utval for opplæring og helse Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Program for folkehelsearbeid i Hordaland. Status i programarbeidet og endra økonomiske rammer****Bakgrunn**

Fylkestinget vedtok i 2017 at Hordaland skulle søkje seg inn i den nasjonale folkehelsesatsinga *Program for folkehelsearbeid i kommunane*. Hordaland blei programfylke og fekk tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til å delta i tiltaksutviklingsprogrammet i mars 2018. Satsinga *Saman for betre trivsel og livskvalitet for barn og unge* i Hordaland gjeld i åra 2018- 2023. Satsinga er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen, FoU-miljø, kommunar, frivillig sektor og andre.

Fylkeskommunen har fått ein stor utviklingsrolle programmet. Fylkeskommunen skal som prosjekteigar ta ein regional samordningsrolle når det gjeld utvikling og evaluering av tiltak for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Dette inneberer å legge til rette for samarbeid med kommunane og forskings- og kompetansemiljø, og andre relevante aktørar. I Hordaland deltek Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Folkehelseinstituttet, KorRus Vest og Kompetansesenter for barn og unge (RKBU) i utviklingsarbeidet. Fylkeskommunen står økonomisk ansvarleg overfor Helsedirektoratet.

Fylkesrådmannen vil i denne meldingsaka vise status for utviklingsarbeidet det første programåret med arbeidet i Regionalt samarbeidsorgan. Vidare gje oversyn over tildelte tilskot til kommunane og pågåande arbeid med å utvikle tiltak, om økonomiske rammer og utfordringar knytt til endringar i nasjonale rammer. Frå 2020 vil alle fylke som var teke opp i programmet i 2017 og 2018 få reduserte tilskot. Dette gjeld også Hordaland. Dette for å få plass til alle fylke i landet i tilskotsordninga.

**Kort om programmet**

Gjennom *Meld. St. 19 (2014-2015) Mestring og muligheter* blei programmet etablert. Hovudtemaet er psykisk helse og lokalt rusførebyggjande arbeid. Det har vore ei nasjonal forventning om at alle fylke skal med i satsinga. Det er sett av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Gjennom *Meld. St. 19 (2018-2019) Gode liv i eit trygt samfunn* kjem det fram at alle fylke no er ein del av satsinga.

*Program for folkehelsearbeid i kommunane* skal først og fremst styrke kommunane sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Eit overordna mål er at psykisk helse og førebyggjande rusarbeid vert

ein integrert del av folkehelsearbeidet i kommunen. Eit hovudelement i tilskotsordninga er å legge til rette for kunnskapsbasert utvikling av arbeidsmåtar, tiltak og verkty, samt stimulere til samarbeid mellom kommunesektoren og forskingsmiljø. I Hordaland er barn og unge målgruppe gjennom alle kommunane sitt arbeid med å utvikle og prøve ut metodar og tiltak. Alle tiltak skal evaluerast – enten gjennom effektevaluering eller gjennom kvalitativt gode eigen evalueringar.

### **Status for arbeidet**

Det pågåande utviklingsarbeidet i Hordaland er gjennomført i tråd med nasjonale krav og innanfor gjeldande fristar. Det er etablert styringsstrukturar og samarbeidsfora. Det er gjennomført open søknadsprosess i tråd med regelverket. Det er gjennomført søkjarkonferansar og samlingar for å styrke kommunane sitt arbeid i søknadsprosessen. Det er teke opp programkommunar og vurdert om planlagde tiltak treff vilkåra i tilskotsordninga i tråd med fristar sett av Helsedirektoratet. Det er utvikla samarbeidsavtalar mellom fylkeskommunen og kommunane, det er sendt ut tilskotsbrev mm.

Vedlagt årsmelding for 2018 som viser oversikt over aktivitetar i programmet (Vedlegg 1).

#### - Regionalt samarbeidsorgan

Eit vilkår for å vere programfylke er etablering av regionalt samarbeidsorgan. Samarbeidsorganet skal vere oppdatert på arbeidet i fylket og gje fylkeskommunen råd om mellom anna:

Val av programkommunar: kriterier og opptak, val av tiltak og fordeling av tilskotmidlar.

Samarbeidsorganet har gjennom 2018 og hittil i 2019 hatt fire møter. Fylkeskommunen har lagt råda frå organet til grunn for vedtak i programmet.

Medlemar Regionalt samarbeidsorgan	
<i>FoU-miljø</i>	<i>Fylkeskommunen</i>
Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU) (NORCE)	Regionalavdelinga, HFK
Kompetansesenter Rus (KoRus) Vest	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling, HFK
Folkehelseinstituttet (FHI) Avd. for helsefremmande arbeid Bergen	Opplæringsavdelinga, HFK
Universitetet i Bergen v/ HEMIL-senteret	Kultur- og idrettsavdelinga, HFK
Høgskulen på Vestlandet	<i>Politisk leiing og ungdomspolitikarar</i>
<i>Kommunane</i>	Folkevald posisjon Hordaland
Regionråd Hardanger + Voss	Folkevald opposisjon Hordaland
Samarbeidsrådet for Sunnhordaland	Ungdommens fylkesutval
Samarbeidsrådet for Bjørnefjorden	Ungdommens fylkesutval
Bergen kommune	<i>Prosjektsekreteriat</i>
Vest-kommunane	Regionalavdelinga, HFK prosjektleiar
<i>Statelege etatar</i>	Regionalavdelinga, HFK prosjektmedarbeidar
Fylkesmannen i Vestland	<i>Frivillig sektor</i>
NAV Vestland	Nasjonalforeningen for folkehelsen

- *Programkommunane*

Målet etter første opptak i 2018 var å knyte fem-seks tiltak inn i programmet som pulje 1. Dette talet er nådd då alle kommunar med samarbeidspartar som søkte fekk opptak som programkommune. 14 kommunar i fylket er involvert i utviklingsarbeidet. 4 kommunar står åleine som tiltaksutviklar Askøy, Bømlo, Stord og Kvinnherad. Bergen utviklar tiltak i samarbeid med opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommunane, mens Voss/Hardanger med 9 kommunar samarbeider om eit tiltak med Kvam herad som tiltakseigar.

Arbeid med prosjektutviklinga i kommunane er pågåande. Det er eit mål å få til god involvering av barn og unge, og god medverknad i tiltaksutviklinga. Kommunane etablerer eigen prosjektorganisasjon sett ut i frå lokale behov. Kommunane legg ned ein betydeleg eigen innsats i programarbeidet.

Namn på tiltak/innsatsområde	Tiltakseigar	Lengd på tiltaksutviklinga <sup>1</sup>	Samarbeidsmiljø
Attraktive og gode møteplasser for barn og unge.	Askøy kommune	Programperiode program for folkehelse i Hordaland	Tverrfagleg prosjektgruppe, Ungdom, Høgskulen på Vestlandet
Helsefremmende miljø på sosiale medier.	Bergen kommune	2018/19 – 2021	HFK v/Opplæringsavdelinga, Folkehelseinstituttet, Høgskulen på Vestlandet, Ungdom og lærarar.
Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge.	Bømlo kommune	2018/19 – 2021	Barnehage, Skule, Barn og ungdom, Grendeutval (inkludert frivillig sektor), Høgskulen på Vestlandet, KoRus Vest.
Juniorforskarprosjektet	Kvam herad med samarbeidskommunar.	2018/19 – 2021	Voss kommune, Samnanger kommune, Granvin herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Ullensvang herad, Odda kommune, Jondal kommune, Ungdom, HEMIL-senteret
Rosendalsprosjektet	Kvinnherad kommune	2018/19 – 2023	Rosendal ungdomsskule, Ungdom, Frivillig sektor, RKBU, HEMIL-senteret
Tilpassa og trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule	Stord kommune	2018/19 – 2021	Stord vgs., Idrettsråd, Innvandrarråd, Ungdomsråd, Lokal fritidsklubb, Høgskulen på Vestlandet.

<sup>1</sup> Det kan bli endringar då prosjektperiode må vurderast på nytt som følge av endra økonomiske rammer frå Helsedirektoratet.

### Økonomi

Tilskotsordninga føreset at midlane skal gå til tiltaksutvikling i kommunane. Det er ikkje høve til å nytte midlar til fylkeskommunane til administrasjon. Det er i utgangspunktet heller ikkje sett av midlar til kompetansesentre, Høgskular og Universitetsmiljøa sitt arbeid. Dette sjølv om det er eit vilkår for arbeidet med tiltaksutviklinga at FoU-miljø bidrar med sin kompetanse. Frå 2019 kan ein mindre del av midlane nyttast til FoU-miljøa, men all større evaluering skal det søkjast om eksterne midlar til.

- Fylkeskommunen sin ressursbruk

I tråd med nasjonale forventningar nyttar ikkje Hordaland fylkeskommune tilskotsmidlar til administrative kostnader. Programmet er svært ressurskrevjande. I 2018 har Hordaland fylkeskommune nytta ca. 85 % årsverk til sekretæriat. I tillegg kjem kostnader til reiseutgifter, arrangement, møter. Hordaland fylkeskommune har nytta rundt kr 750 000,- til utvikling av programmet i 2018. Hordaland fylkeskommune har tilsett 2-årig prosjektmedarbeidar i åra 2018/19. Frå 2020 er det så langt ikkje funne finansiering for prosjektmedarbeidar. Sogn og Fjordane er teke opp i tilskotsordninga frå 2019.

- FoU-miljøa

Dei fem FoU-miljøa som deltek i utviklingsarbeidet i fylket har fram til noe bidrege med arbeidsinnsats som er eigen finansiert. Skal samarbeidet utviklast vidare slik at miljøa kan sette av FoU-tid må det arbeidast med å finne løysingar som kompenserer meirarbeidet. Samarbeidsavtaler er under utvikling.

- Nasjonale tilskot:

Ved opptak i tilskotsordninga fekk Hordaland tildelt kr 36 mill. i tilskot i prosjektperioden under føresetnad av årlege løyve i statsbudsjettet.

For 2018 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 6 mill. kroner. Etter samråd med Regionalt samarbeidsorgan er 18 mill. kroner tenkt til tiltaksutvikling for pulje 1. Øvrige midlar var tenkt til involvering av fleire kommunar i tilskotsordninga. Tildeling av tilskotsmidlar var oppe i samarbeidsorganet den 07.12.18. Hordaland fylkeskommune har tildelt følgjande tilskotsramme fordelt over 3 år under føresetnad av årlege budsjettløyve frå Stortinget.

Bergen:	kr 4.0 mill
Kvam med fl.	« 4.0 mill
Askøy	« 2.3 mill
Bømlo	« 2.3 mill
Stord	« 2.3 mill
Kvinnherad	« 2.3 mill

Det er i tillegg sett av midlar til felles kompetanseheving og utviklingsarbeid.

- Endringar i nasjonale tilskot og konsekvensar for utvikling av programmet i Hordaland

Helsedirektoratet melde i årsskiftet 2018/2019 at det ville bli reduksjon i førespegla budsjetttramme til dei fylka som var inne i programmet for å finne midlar slik at alle fylke kunne bli med i tilskotsordninga. Grunngevinga er at det ikkje er funne så stor budsjetttramme i statsbudsjetta som tenkt når programmet starta opp, og at den nye budsjetttramma til alle fylka vil vere på til saman 77 millionar kroner årleg.

Hordaland fylkeskommune og fleire andre fylke tok opp i møte med Helsedepartementet og Helsedirektoratet i møte mellom helsemyndigheitene og fylkeskommunane i januar 2019 at det er uheldig at det blir endingar i rammer når kommunane har rigga seg til langsiktig utviklingsarbeid. I mars 2019 fekk Hordaland fylkeskommune melding om at tilskotet til Hordaland vert redusert med 1. mill. kroner årleg frå 6. mill til 5. mill kroner. Kun auka rammer i statsbudsjettet for 2020 kan i følgje Helsedirektoratet endre rammene på nytt.

Fylkesrådmannen seier seg lei for at omprioriteringane nasjonalt rammar utviklingsarbeidet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil framover arbeide med å omstrukturere tidlegare planar for utrulling av programmet i fylket. Det vil bli lagt fram melding knytt til dette etter møte med samarbeidsorganet hausten 2019. Hordland fylkeskommunane vil så langt råd oppretthalde planlagt tildeling til kommunane som er inne i programmet. Eit vilkår er at det er mogleg å strekkje tilskotsperioden over fleire år.

**Vedlegg 2:**

## Årsmelding for 2018 - Program for folkehelsearbeidet Hordaland

**Bakgrunn**

Etter mandatet skal samarbeidsorganet orienterast om framdrift i arbeidet knytt til program for folkehelsearbeid i kommunane. Nedanfor kort oversikt over ulike aktivitetar og milepælar gjennomførde på fylkesnivå etter at Hordaland blei programfylke i mars 2018. I tillegg til denne årsmeldinga rapporterer kommunane på aktivitetar saman med fylkeskommunen til Helsedirektoratet. Frist for denne rapporteringa er 01.04.2019.

**Søknadsprosess og opptak**

Søknad til Program for folkehelsearbeid blei utarbeidd i samarbeid med kommunar og FoU-miljø 2018. Søknadsfristen var 01.03.2018. Hordaland blei teke opp i programmet 21.03.18.

**Orienteringar**

Vinter og vår 2018 var startperiode for arbeidet i Hordaland. Det er lagt vekt på å orientere breitt om søknadsprosessen og tilskotsordninga.

	Politiske organ	HFK toppleiargruppa	Nettsider - HFK	Kommunane	Orientering samarbeidsorgan
<i>Januar/februar</i>	Referatsak til Fylkesutvalet	Orienteringssak	Start nytt læringsnettverk i samarbeid med KS		e-post: dokument sendt for innspel før innsending til Helsedirektoratet
<i>Mars</i>			Opptak tilskotsordninga	e-post: om opptak som programfylke	e-post: om opptak som programfylke
<i>April</i>	Referat sak til fylkesutvalet om opptak			e-post: informasjon om utlysing	e-post: Løypemelding
<i>Mai</i>			Utlysing er klar		e-post: utlysings-tekst/søknads-skjema
<i>Juni</i>				Kunnskapsgrunnlag: AUD-rapport nr 9 2018	



August			Opptak av program-kommunar	Svarbrev og samarbeids-avtale med program-kommunar 2018	e-post: Referat frå møte i samarbeids-organet 22.08
September				Infoskriv om opptak som program-kommune og samarbeids-avtale	
Oktober	Referatsak Fylkesutvalet				
November				e-post: Endring i bruk av midlar til evaluering	e-post: Endring i bruk av midlar til evaluering
Desember				Godkjenning av tiltak og tildeling av midlar med anbefaling for vidare utvikling av prosjektplan.	

#### Søkjarkonferansar, samlingar og fellesmøter - Samarbeid med FoU-miljøa

I tråd med framdriftsplan i søknaden har det vore avvikla søkjarkonferansar. Alle kommunane i fylket fekk invitasjon til delta på to søkjarkonferansar på våren med mål om å auke kompetanse på tiltaksutvikling retta mot programmet. FoU-miljøa har delteke på samlingane med faglege innlegg og innspel, og dialog med kommunane. Alle arbeidsprosessar har vore i felles fora. For hausten vart det arrangert to samlingar for programkommunane om framdrift i utviklinga av tiltak og prosjektskisse. Utanom dette er det arrangert fire felles samhandlingsmøter med alle FoU-miljøa. Samlingane og møta har vore til stor nytte for både utviklingsarbeidet i Hordaland og prosjektutviklinga hos kommunane.

Dato	Tal kommunar	Tal deltakerar	Innhald program
16.04	12	29	Informasjon og status i programmet, tilskotsbrev og utlysing. Om prosjektutvikling og eigenevaluering. Gode tiltak rundt psykisk helse og helsefremjande arbeid. Effektevaluering. Regionalt forskingsfond Vestlandet informerer. Dialogprosess mellom kommunar – FoU miljø
25 05	8	21	Helsefremjande tiltaksutvikling. Spørsmål og dialog med kommunane om status i pågåande utviklingsarbeid. Veggen vidare.
<b>Oppfølging av programkommunar</b>			

20.09	6	24	Berre for programkommunar: Følgjeevaluering Sintef, Evaluering, presentasjon av prosjektskisse
18.10	4	12	Berre for programkommunar: Workshop-prosjektskisse
13-14.11	6	7	Prosjektleiarmøte - Nasjonale orienteringar, oppdatering tiltaksutvikling, økonomi, møteplan 2019, Val av tiltak og prosjektframdrift 2019

### Møter/samlingar og rapportering Helsedirektoratet

Helsedirektoratet legg vekt på å følge opp nye prosjektfylke tett. Hordaland fylkeskommune har delteke på samlingar, både i saman med medlemmar frå samarbeidsorganet og for fylkesprosjektlearar. Samlingane har bidrege med informasjon, inspirasjon og fagleg påfyll i saman med dei andre programfylka. Hordaland fylkeskommune har i tråd med vilkåra i tilskotsordninga også levert på rapporteringar etter krav og frist frå Helsedirektoratet.

Dato	Deltakerar	Innhald program
11. og 12.04.	RKBU, Hemil, Rep frå kommunane i Nord-hordland og Hardanger/Voss, ungdommens-fylkesutval og HFK	Arbeidsseminar for samarbeidsorganet: Orientering om program og regelverk. Status programfylka. Om evaluering og evalueringsdesign. Om medverknad. Psykisk helse og rusførebygging. Opplagg for følge-evaluering. Tankar frå KS.
25.06	Videomøte fem fylke	Telefonmøte Hdir: Vekt på funn i foreløpig evalueringsrapport frå SINTEF.
12.09	RKBU, Fylkesmannen, Ungdommens fylkesutval, og HFK	Samling for samarbeidsorgan i Oslo: Status programfylka, Om evaluering og medverknad, Hovudfunn i Sintef sitt notat for våren 2018.
23.10	Møte 11 fylker	Samling prosjektlearar programfylker: Erfaringsveksling om utfordringar. Økonomi/forvaltning av tilskotsmidlar. Kompetanse som prosjektlear. Nytte med samarbeidsorganet. Tiltaksbase på forebygging.no. Her presenterte HFK erfaringar frå arbeidet i nærmiljøprosjektet
Dato	Rapportering	
01.09	Opptak av programkommunar med tiltaksområde for år 2018, samt samarbeidsavtalar om program for folkehelsearbeid i kommunane mellom Hordaland og programkommune.	
21.12	Oversikt over tiltak med støtte frå tilskotsordninga «tiltaksutvikling innan Program for folkehelsearbeid i kommunane» med innvilga tilskot for tilskotsåret 2018.	

### Etablering og møte i prosjektgruppe HFK

I tråd med framdriftsplan i søknad er det etablert tverrsektoriell-prosjektgruppe i fylkeskommunen. Grappa har hatt fire møte. Avdelingsdirektørane har peika ut representantar.

Medlemmar	Rolle
Tannhelseavdelinga Kultur og idrettsavdelinga Opplæringsavdelinga Regionalavdelinga. - Næring /lokalsamfunnsutvikling. - Forsking/internasjonalisering/analyse - Planseksjonen	Støtte opp under arbeidet til prosjekt-sekretariatet og bidra til at Hordaland fylkeskommune føl opp pådrivar og samordnar rolla i programmet på ein god måte.  Delta i utviklingsarbeidet både i samhandling med kommunar, tilrettelegging for kompetansenettverk/erfaringsnettverk og bidra med eigen kompetanse/nettverk inn i arbeidet.

### Utvikla styringsdokument mm.

I samband med opptak av programmet er det blitt utvikla ulike dokument til bruk for programmet i Hordaland.

Dokument	Dato
Utlysingstekst	På nett 8. april.
Søknadsskjema	På nett 8. april.
Samarbeidsavtale HFK-kommunar	Med programkommunane innan 1. september.
Vurderingsmatrise kommunar/tiltak	Saksgrunnlag til møte 22. august.
Habilitetsvurdering-samarbeidsorganet	Sak i møte 22. august.
Prosjektplan – mal for programkommune	Orienterert om 05. november.
Tilskotsbrev til kommunane	21. desember

### Møte i samarbeidsorganet

Samarbeidsorganet konstituerte seg i første møte 31.01.2018. Totalt har organet 22 medlemar. I tillegg til to personar frå fylkeskommunen som prosjektsekretariat. I 2018 hadde samarbeidsorganet tre møter. Orienteringar om programarbeidet er også sendt med jamne mellomrom. I møter har mellom anna råd på val av kriterium på programkommunar og råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet vore sak i samarbeidsorganet. I dette ligg også råd knytt til fordeling av tilskotsmidlar. Sentralt i vurderingane har vore å sjå på føremål og nytte av tiltaket, kunnskapsgrunnlag og om tiltaket kan gjennomførast og evaluerast. Til møte i august vart det einigheit om å invitere Sogn og Fjordane inn som observatør til samarbeidsorganet, noko Sogn og Fjordane har takka ja til.

Dato	Tal deltakarar	Innhald i møte
31.01	20	Presentasjon medlemar, informasjon program for folkehelsearbeidet i kommunane, roller i programarbeidet, etablering med mandat og samansetjing, mål for programarbeidet, tal prosjektkommunar, temaområde.
22.08	20	Orientering programdrift vår 2018, søknadsprosess og framdriftsplan, følgjevaluering Sintef, fagleg innlegg om Helsefremjande tiltaksutvikling og evaluering, habilitet i samarbeidsorganet, vurdering av søknad programkommune, budsjettfordeling pulje 1.

14.12	19	Presentasjon prosjektplanar, møteplan 2019, nasjonale orienteringar, val av tiltak, kriterier for tildeling av midlar og tildeling av midlar.
-------	----	---

### Nytt læringsnettverk i program for folkehelsearbeid

Oppstarten og utviklinga av «læringsnettverket for program for folkehelsearbeid i Hordaland» er en del av folkehelseprogrammet sin tiårige satsing på å gjere innsats knytt til psykisk helse til ein naturleg del av kommunane sitt folkehelsearbeid. Målet med denne satsinga er derfor å etablere ein felles møteplass for kunnskaps- og erfaringsdeling for alle kommunane i fylket – også dei som ikkje er inne i tilskotsordninga. Nettverket er tenkt som ein møteplass ein til to gonger årleg.

For 2018 blei to samlingar arrangert. I 2018 var samlingane arrangert i samarbeid med og finansiert av KS. Frå 2019 vil nettverket bli vidareført frå fylkeskommunen.

Dato	Tal deltakarar	Innhald i programmet
16.01	65	<b>Korleis arbeide lokalt med psykisk helse og livskvalitet for barn og unge?</b> Psykisk helse i folkehelsesamanheng. Barn og unge si psykiske helse. Det systematiske folkehelsearbeidet og folkehelseleva. Psykisk helse i plan. Døme frå kommunar.
18-19.04	45	<b>Lokal samskaping og erfaringsdeling</b> Barn og unge si psykiske helse. Tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Livsmeistring i skulen. Døme frå kommunar.

### Økonomi:

Hordaland fekk utbetalt kroner 6 mill. i 2018. Midlane er utbetalt til kommunane for tiltaksutvikling i 2018/2019 i tråd med retningslinjene for tilskotsordninga.

### HFK eigenfinansiering 2018

Hordaland fylkeskommune får ikkje nytte midlar frå programmet til eiga prosjektleiing. Det er sett av noko midlar av tilskotsmidlane til ulike kompetansetiltak for kommunane frå 2019. Hordaland fylkeskommune har tilsett prosjektmedarbeidar for dei to første prosjektåra. Stillingsprosent brukt til arbeidet i 2018 er ca. 80 % stilling. Av dette 60 % prosjektmedarbeidar og 25 % prosjektleiar. I tillegg kjem andre personell ressursar som ikkje er prissett.

Hordaland har nytta fylkeskommunale midlar til samlingar og reiser i 2018. Tabell under viser eigenfinansiering frå Hordaland fylkeskommune i 2018.

Kva	Sum
Lønnsutgifter med sosiale kostnader	640 000
Reiseutgifter, arrangement, møte, konferanser	103 695
Driftsutgifter	ikkje pris sett
Kostnader for HFK	743 695
KS-læringsnettverk*	104 329
<b>Totalt</b>	<b>848 024</b>

\*Betalt av KS

**Oppsummering:**

Sidan vi fikk melding om opptak som programfylke i mars, har året vore styrt i stor grad av nasjonale fristar for rapportering. Med omsyn til at kommunane skulle få tid til å utvikle prosjektide og søknad, har søknadsfrist og frist for innlevering av tiltak blitt sett så langt fram i tid som mogleg for likevel å nå nasjonale fristar. Det har vore knappe tidsmarginar sidan opptaket og dermed utfordrande både for fylkeskommunen og kommunane å utvikle/planlegge ting godt nok, i tillegg til å skulle planlegge langsiktig.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare erfaring med prosjektutvikling, til dømes deltaking i nærmiljøprosjektet. Dette er gode erfaringar inn i det nye programmet. Folkehelseprogrammet har eit nytt regelverk og er «rigga» frå det nasjonale nivået på ein litt annan måte. Derfor er mykje ressursar gått til etablering av nye rutinar og andre dokument, i tillegg til å forstå, tolke og jobbe ut frå regelverket. Framover vil Hordaland ha høve til å vidare byggje på de rutinar og dokument som no er lagt til prosjektet.

Der er etablert formelle samarbeidsmøter med FoU-miljø på hausten. Foreløpig ingen skriftlige avtaler for 2018, men miljøa har etter kapasitet bidrege likevel. Hordaland fylkeskommune har invitert kommunane om å ta kontakt med HFK utanom samlingar.

Arbeid i prosjektet 2018 har kravd estimert 0,85 årsverk. Det har vist seg å vere krevjande å etablere programmet. Det kunne blitt brukt meir tid på arbeid med programmet for å mellom anna løfte kvalitet i utvikling/planlegging, men det er avgrensa med tanke på prioritering ovanfor andre oppgåver.

**PS 37/19 Ymse**



Arkivnr: 2019/1432-4

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	38/19	14.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019

## Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 3 - 2019

### Samandrag

I budsjettet for 2019 er det løyvd totalt 75 million kroner til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren. Av dette er 37,75 fordelt av fylkesutvalet i tidlegare fordelingssaker, samt at 26 million kroner vert foreslått fordelt i sak som er under politisk behandling.

I denne saka vert det rådd til at ein løyver 1,0 million kroner til ei mindre utviding av areala for tilrettelagt opplæring ved Askøy vgs.

**Økonomi:** Løyvinga er finansiert innanfor inneverande års løyving til Rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

**Klima:** Ingen kjende effektar.

**Folkehelse:** Betre læringsmiljø for elevar med særskilte behov.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt.

### Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 643.020.00	02320	02177	Askøy vgs. – Mindre tilbygg modulbygg	1 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		1 000 000
				1 000 000	1 000 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



**Fylkesrådmannen, 29.04.2019**

Askøy vidaregåande skule har sterkt press på lokala for tilrettelagt opplæring. Ein ser at skulen har behov for meir lokale for å kunne gje tilfredsstillande tilbod.

Avdelinga har og behov for å kunne skjerme elevar mellom anna i samanheng med utagerande adferd.

Skulen og Opplæringsavdelinga har saman med Eigedomsavdelinga vurdert ulike løysingsalternativ. Det er og gjennomført drøftingar med Askøy kommune sin tekniske etat knytt til godkjenning av tiltak.

Ein har konkludert med at beste løysing i forhold til tids- og ressursbruk er å bygge eit mindre tilbygg på knapt 20 m<sup>2</sup> til eksisterande modulbygg som avdelinga nyttar i dag.

Tiltaket er kalkulert til knapt 1 million kroner inkl. mva, og ein rår til at det vert løyvd 1 million kroner frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren.



Arkivnr: 2018/16397-4

Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik, Nils Skavhellen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	17/19	07.05.2019
Utval for opplæring og helse	39/19	14.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019

**Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket****Samandrag**

Framtidig tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane er vedteke i skulebruksplanen. Den årlege vurderinga av tilbudsstrukturen skjer i «klassesaka» kvart år i desember. Det er i klassesaka ein må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbudsstrukturen lokalt og sentralt. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot venta tilgang på læreplassar.

I 2019 er det totalt 17 105 søkjarar med ungdomsrett til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland. Talet på søkjarar med formell rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) har gått ned med 205 søkjarar samanlikna med 2018. Talet på avgangselevar frå ungdomsskulen har gått ned med åtte elevar i høve til 2018.

I denne saka blir det gjort framlegg om å leggje ned utdanningsprogram/programområde som har svakt søkjargrunnlag. Når det blir gjort framlegg om nedlegging tek ein utgangspunkt i kor mange elevar som har tilbodet som primærønskje (førsteønskje), men det blir også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få på tilbodet totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ønskje 1-3.

Skular utanfor Bergensregionen har ofte eit svakare søkjargrunnlag. Dette er naturleg, og fylkesrådmannen stiller difor litt lågare krav til m.a. primærsøkjartal ved distriktsskulane enn i Bergensområdet. På den måten kan regionane oppretthalde eit rimeleg godt tilbod sjølv med litt lågare søkjargrunnlag. Dette kan føre til at det i distrikta er høgare del klassar med mindre enn 85 % oppfylling enn i Bergensregionen.

Det er økonomisk krevjande å oppretthalde tilbod med lågt søkjargrunnlag sjølv om skulane gjer sitt beste for å organisere undervisninga kostnadseffektivt, t.d. i halve klassar. Når søkjartalet er lågt over fleire år må ein på eitt eller anna tidspunkt varsle om at dette ikkje kan halde fram over tid. På den andre sida må ein også sjå på tala på avgangselevar frå ungdomsskulane. Det kan vere ein kortvarig nedgang på eitt til to år før årgangstalet aukar att. Fylkesrådmannen kan i slike høve vere positiv til å oppretthalde tilbodet for ein kort periode sjølv med lågt elevtal.

Dei aller fleste av framlegga om nedlegging er i samsvar med skulane sine tilbakemeldingar etter søkjartala pr. 1. mars 2019. Dersom dei ikkje er det vil det vere opplyst under omtalen av den einskilde skule.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 290/13 fullmakt til å justere klasse-/elevtal ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala etter prognoseinntaket dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Dette har ikkje noko med tilbudsstrukturen ved skulane å gjere,

men er ei tilpassing av klassetalet i høve til søkjartala til dei ulike utdanningsprogramma. Også desse justeringane vil bli gjort etter samråd med skulane og vil bli lagt fram som melding til politiske utval.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 287/18 fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar før/etter skulestart. Grunnen til dette er at det kan vere til dels store endringar i søkjargrunnlaget til desse klassane fram mot skulestart av grunnar som ein ikkje kjenner til på førehand. Fylkesrådmannen tek likevel med i framlegget til vedtak nedanfor dei skulane som ein alt no ser ikkje har søkjargrunnlag for tilbodet komande skuleår.

I denne saka er det tilrådd nedlegging av totalt 22 klassar frå vedteken tilbodsstruktur, jf. fylkesutvalssak PS 287/2018 «Justering av tilbodsstrukturen 2019/20 (klassesaka)». Det vil i tillegg vere grunnlag for å leggje ned og opprette klassar administrativt. Desse endringane blir informert om i eige notat.

Fylkesrådmannen gjer elles merksam på at det kan kome fleire justeringar etter prøveinntaket i månadsskiftet juni/juli.

Til denne saka er det også knytt eit kapittel om vaksenopplæringa som gjer greie for det vidaregåande opplæringstilbodet for målgruppa for skuleåret 2019/20.

**Økonomi:** I denne saka blir det gjort framlegg om å legge ned 22 klassar med utgangspunkt i vedtatt tilbodsstruktur hausten 2018. Det blei då lagt til grunn eit behov for å leggje ned mellom 18 og 23 klassar for skuleåret 2019/20. Totalt blir innsparing av desse nedleggingane estimert til om lag 28,2 millionar kroner. I 2019 vil innsparingane vere om lag 12,8 millionar kroner.

**Klima:** Ingen effekt.

**Folkehelse:** Ingen effekt.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt. Det er i klassesaka i desember at tilbodsstrukturen blir vurdert. I denne saka blir strukturen tilpassa søkjartala.

## Forslag til innstilling

Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2019/20

Skule	Utdanningsprogram/programområde
Askøy vidaregåande skole	Vg2 Data og elektronikk
Austevoll vidaregåande skule	Vg1 Studiespesialisering
Bømlo vidaregåande skule	Vg2 Sal, service og tryggleik
Knarvik vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvam vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Vg1 Service og samferdsel
Kvinnherad vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg3 Elektrofag m/ studiekompetanse
Odda vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Slåtthaug vidaregåande skole	Vg2 Automatisering
Sotra vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg1 Design og handverk
Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Stord vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
Voss gymnas	Vg2 Frisørfag
Årstad videregående skole	Vg2 Laboratoriefag
Åsane videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Åsane videregående skole	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

**Roger Pilskog** sette fram likt forslag på vegne av LO/NHO:

«Y-nemnda slutter seg til innstillingen.

Flere av tilbudene som legges ned etterspørres av arbeidslivet. Y-nemnda ber på denne bakgrunn om at disse tilbudene er søkbar ved neste utlysning, samt at en går gjennom tilbudsstrukturen innenfor disse fagene spesielt, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regioner.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skolenes tilbud skal dimensjoneres i forhold til tilgjengelige læreplasser. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skoler forutsatt dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbud i forhold til arbeidslivets behov. Y-nemnda ber at det settes fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.»

### Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Y-nemnda sluttar seg til innstillinga.

Fleire av tilboda som leggest ned etterspørjast av arbeidslivet. Y-nemnda ber på bakgrunn av dette om at desse tilboda er søkbare ved neste utlysning, samt at ein går særskild gjennom tilbudsstrukturen innanfor desse faga, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regionar.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skulane sine tilbod skal dimensjonerast i høve til tilgjengelege læreplassar. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skular så framt dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbod i forhold til arbeidslivet sine behov. Y-nemnda ber at det setjast fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.04.2019

Framtidig tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane er vedteke i skulebruksplanen. Den årlege vurderinga av tilbudsstrukturen skjer i «klassesaka» kvart år i desember. Det er i klassesaka ein må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbudsstrukturen lokalt og sentralt. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot venta tilgang på læreplassar.

I denne saka blir det gjort framlegg om å leggje ned utdanningsprogram/programområde som har svakt søkjargrunnlag. Når det blir gjort framlegg om nedlegging, tek ein utgangspunkt i kor mange som har tilbodet som primærønskje (førsteønskje), men det blir også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få på tilbodet totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ønskje 1-3.

## Utvikling i søkjartal

Tal søkjarar	2018	2019	Endring
Ungdomsrett	17 310	17 105	- 205
Tal elevar på 10. trinn (tal frå GSI*)	6147	6139	- 8

Tabell 1: Utvikling i søkjartal 2018 til 2019

\* Grunnskolens informasjonssystem

Totalt er det 17 105 søkjarar med formell rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) til skuleåret 2019/20.

Nedgangen i talet for søkjarar med ungdomsrett er reelt sett litt høgare enn det talet ovanfor viser. Årsaka er at søkjarar til Danielsen vidaregående skole frå 2019 registrerer søknaden sin i Vigo-systemet. Sidan mange av søkjarane til Danielsen vgs. også søkte våre skular i 2018 og tidlegare, er det vanskeleg å estimere nøyaktig nedgang i talet på søkjarar samanlikna med 2018-tala. Truleg ligg den reelle nedgangen mellom 300 og 400 elevar.

I 2018 blei ungdomsretten for mange søkjarar utvida med tilbakeverkande kraft, og aldersgrensa for ungdomsrett blei auka frå 24 til 25 år. Mange litt eldre søkjarar nytta høvet til å søkje ordinær vidaregåande opplæring, både til Vg1 og til å gjere seg ferdig med utdanning som ikkje var fullført. Dette er nok hovudårsaka til at søkjartalet med ungdomsrett går ned i år sjølv om årgangskullet frå 10. klasse er om lag det same.

## Søkjartal til Vg1

Tabellen under viser søkjartal i 2018 og 2019, i tillegg til endring i tal og prosentdel. Søkjartala til dei ulike utdanningsprogramma på Vg1 viser relativt små endringar samanlikna med 2018, sjølv om endringane kan gi høvesvise store prosentvise utslag. Berre søkjarar med ungdomsrett er tatt med i tabellen.

Utdanningsprogram	2018	2019	Endring	Endring %
Bygg og anleggsteknikk (BA)	514	432	-82	-16,0 %
Design og handverksfag (DH)	153	139	-14	-9,2 %
Elektrofag (EL)	611	515	-96	-15,7 %
Helse og oppvekstfag (HO)	1107	1017	-90	-8,1 %
Naturbruk (NA)	326	317	-9	-2,8 %
Restaurant og matfag (RM)	136	149	13	9,6 %
Service og samferdsel (SS)	294	266	-28	-9,5 %

Teknikk og industriell produksjon (TP)	658	821	163	24,8 %
Idrettsfag (ID)	359	339	-20	-5,6 %
Kunst, design og arkitektur (KDA)	116	104	-12	-10,3 %
Musikk, dans og drama (MD)	224	208	-16	-7,1 %
Media og kommunikasjon (ME)	182	185	3	1,6 %
Studiespesialiserande (ST)	2554	2628	74	2,9 %
Innføringskurs minoritetsspråklege	166	88	-78	-47,0 %

Tabell 2: Søkjartal Vg1 2018 og 2019

Av tala over er dei største endringane knytt til dei tradisjonelle utdanningane Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag og TIP. I tillegg er det ein høvesvis stor nedgang på Helse- og oppvekstfag. Det er også verdt å merke seg at det er eit monaleg fall i søkjarar til innføringskurs for minoritetsspråklege. Her var det ein venta nedgang, men likevel overraskande at endringa blei så stor. Dette skuldast at det er langt færre flyktingar/asylsøklarar som kjem til Noreg no enn for nokre få år sidan. I Hordaland vil det i skuleåret 2019/20 truleg berre vere innføringsklassar ved Bergen katedralskole og Årstad vgs.

Elektrofag ser ein nedgang i søkjartal også i år, ei utvikling som har vore ønska, då det har vore for mange elevar i høve til tal tilgjengelege læreplassar. Det er likevel viktig å verke merksam på utviklinga framover slik at HFK ikkje bygger ned kapasitet i høve til framtidig behov i arbeids- og næringslivet.

BA, EL og TIP konkurrerer stort sett om dei same elevane. I 2019 ser ein m.a. at nedgangen i søkjartalet til Vg1 Elektrofag og Vg1 Bygg og anleggsteknikk i stor grad kan skuldast ein auke i søkjartal til Vg1 Teknikk og industriell produksjon. Søkjartalet til desse tre utdanningsprogramma er samla sett svært jamt frå år til år.

TIP er det utdanningsprogrammet som har størst auke i søkjartalet samanlikna med 2018. Det er likevel verdt å merke seg at mange skular framleis har eit «skeivt» søkjartal i høve til kva programområde elevane i Vg1 søker seg til, samanlikna med tilgang på læreplassar. Til dømes hadde det vore ønskeleg at fleire søkte seg mot Vg2 Industrieteknologi framfor Vg2 Kjøretøy.

Søkjartalet til Bygg- og anleggsteknikk er det lågaste på mange år. Nedgangen er likevel ujamt fordelt på skulane/regionane. Nokre skular har fleire søkjarar enn i fjor, medan andre mister ein del søkjarar. Sjølv om det er låge søkjartal samanlikna med 2018 er det grunn til å tru at det ikkje blir lagt ned særleg mange klassar. Det blir ikkje gjort framlegg i denne saka om å leggje ned tilbod (utdanningsprogram eller programområde) innanfor BA.

Etter fleire år med til dels sterk auke i søkjartalet til Helse- og oppvekstfag, stoppa auken ein del opp i 2018. I 2019 er det ein nedgang på 90 søkjarar, om lag 8 %, til Vg1. Auken i søkjartalet til Vg2 held fram på grunn av det høge elevtalet i Vg1, skuleåret 2018/19. Det kan sjå ut som om søkjartalet ved mange skular til Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget har tatt seg noko opp att samanlikna med dei siste to siste åra. Dette er positivt i høve til at det var for stor overvekt av søkjarar til Vg2 Helsearbeidarfaget i 2018.

## Tilbudsstruktur og oppfylingsgrad

Med bakgrunn i classesaka i desember 2018, utgjorde vedtatt tilbudsstruktur 804 klassar for 2019/20. Når det no blir gjort framlegg om nedlegging av 22 klassar, utgjer dette om lag 2,7 % av vedtatt tilbudsstruktur. Dette er naturlege endringar gitt den breie tilbudsstrukturen Hordaland fylkeskommune har.

Fylkesrådmannen er opptatt av at skulane utanfor Bergensområdet også skal ha eit breitt og fagleg godt utdanningstilbod. Det er likevel ei utfordring i områda som har eit relativt lågt elevgrunnlag frå

ungdomsskulen å kunne oppretthalde alle utdanningstilbod ein ønskjer. I t.d. Kvam/Odda og Kvinnherad er det berre lokale søkjarar til skulane sine utdanningstilbod, og når årskulla frå 10. klasse går ned, blir det også vanskelegare å oppretthalde vedtekne tilbod. Fylkesrådmannen har vore særleg merksam på desse utfordringane ved utarbeiding av denne saka. Dersom distriktsskulane skal kunne oppretthalde eit godt utdanningstilbod må ein akseptere at kostnadene blir noko høgare i distrikta enn t.d. i Bergen der dei aller fleste tilboda er fylt opp sjølv om ein merkar konkurransen frå dei private skulane.

Denne saka tek utgangspunkt i primærsøkjartalet (førsteønskjet) til søkjarane. Samtidig har det vore viktig å gjere ein analyse av dei som har tilbod som eit lågare prioritert ønskje, særleg ønskje nr. 2 og 3. Det er fleire døme på at eit lågt primærsøkjartal ikkje betyr det same som at det ikkje er elevgrunnlag for det aktuelle tilbodet.

## **Grunngjeving for framlegg til endring ved den enkelte skule, skuleåret 2019/20**

### **Askøy vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Data og elektronikk

Tilbodet har fått fem primærsøkjarar med ungdomsrett til 14 plassar. Dette tilbodet blei også lagt ned i 2017 og 2018, men blei likevel oppretta att i klassesaka i desember 2018. Det bør difor vere klårt at dette tilbodet ikkje lenger er interessant for søkjarane. Skulen har ikkje gitt tilbakemelding på kommentarane for prognoseinntaket 2019.

### **Austevoll vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Studiespesialisering

Tilbodet har fått 13 primærsøkjarar med ungdomsrett til 27 plassar. Tilbodet blei også lagt ned i 2018, då det var ti primærsøkjarar. I 2017 var det ni primærsøkjarar, og tilbodet blei oppretthalde for å sjå om søkjartalet var høgare i 2018, noko som ikkje var tilfelle. Historisk sett har søkjartalet til dette tilbodet alltid vore under grensa for 85 % oppfylling.

Tal frå GSI viser at det i Austevoll kommune er 72 elevar som går ut av 10. trinn våren 2019, ein auke frå 55 elevar i 2018. Denne auken utgjorde kjernen i fylkesrådmannen si tilråding i klassesaka i haust om oppretting av Vg1 ST. Det viser seg at auken i elevar frå ungdomsskulen ikkje har hatt ein effekt på søknadsmassen til Studiespesialisering ved skulen.

Elevtalet vil auke til 78 neste år før talet fell ned til 55 om to år. Dei neste par åra etter det vil avgangskullet i 10. klasse frå Austevoll kommune ligge på 63-64 elevar. Med dette som bakgrunn er det ikkje grunn til å tru at søkinga til eit tilbod på Studiespesialisering vil auke dei næraste åra.

Argumentasjon frå skulen for å opprette tilbodet er knytt til at ungdomane er for unge til å flytte på hybel rett etter ungdomsskulen, og at det er stort overvekt av gutar i skulemiljøet. Eit tilbod innan ST kunne jamna dette noko ut. I tillegg er det knytt argumentasjon til lærarkrefter som kan ha undervisning på både yrkesfag og studiespesialiserande. Skulen peiker på at det kan vere ei utfordring at dei ikkje kan gi heile undervisningsstillingar.

### **Bømlo vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Sal, service og tryggleik

Tilbodet har to primærsøkjarar med ungdomsrett til 15 plassar. Skulen støttar framlegget om nedlegging. Dei to primærsøkjarane med ungdomsrett vil, etter avtale med inntakskontoret i Rogaland, få høve til å



registrere søknad om plass ved dette programområdet ved Haugaland vgs i Haugesund sjølv om søknadsfristen er ute.

### **Knarvik vidaregåande skule**

Nedlegging: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Det er berre to primærsøkjarar med ungdomsrett til 15 plassar. Skulen tek informasjon om dette til orientering.

### **Kvam vidaregåande skule**

Nedlegging: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Tilbodet har fått seks primærsøkjarar med ungdomsrett til 15 plassar. Søkjartalet er for lågt til at tilbodet kan oppretthaldast. Dette gjeld for alle skulane i Hordaland, med unntak av to skular i Bergen.

Skulen har ikkje kommentert forslaget om å leggje ned innføringsklassen.

### **Kvinnherad vidaregåande skule**

Forslag til nedlegging: Vg1 Service og samferdsel  
Vg2 Industriteknologi

Vg1 Service og samferdsel har ni primærsøkjarar med ungdomsrett til 15 elevplassar. Dette utdanningsprogrammet har over fleire år hatt låge søkjartal, og stort sett har det vore slik at skulen har tilbydd Vg1 og Vg2 annakvart år. Dei fleste av primærsøkjarane er søkjarar frå Kvinnherad som i stor grad har søkt alternative utdanningsprogram ved Kvinnherad vgs.

Vg2 Industriteknologi har fått fire primærsøkjarar med ungdomsrett, og ein søkjar utan opplæringsrett. Det er ikkje sekundærsøkjarar til tilbodet. Det er i utgangspunktet for lite til at tilbodet kan oppretthaldast. Etter initiativ frå Kvinnherad kommune og Hydro Husnes blei det i haust oppretta eit tilbod på Vg2 Kjemiprosess. Ved å ikkje starte Vg2 Industriteknologi skuleåret 2019/20 kan det også kome nokre fleire elevar til Kjemiprosess.

Hydro Husnes viser til auka behov for nye tilsette i tillegg til behov for å erstatte naturleg avgang. Hydro viser vidare til at lærlingar innan kjemiprosessfaget er den viktigaste rekrutteringskjelda for framtidige tilsetningar.

### **Laksevåg videregående skole**

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi  
Vg3 Elektrofag m/studiekompetanse

Vg2 Industriteknologi har fått åtte søkjarar med ungdomsrett til 15 elevplassar. Tilbodet blei også lagt ned til førre skuleår, men oppretta på nytt i klassesaka i haust. Det er god dekning ved andre skular på dette tilbodet.

Skulen er einig i vurderinga om at tilbodet blir lagt ned.

Det er ikkje søkjertala i seg sjølv som gjer at Vg3 Elektrofag m/ studiekompetanse blir lagt ned, men ei praktisk organisering av undervisninga for elevane. Tilbodet i seg sjølv oppretthaldast, og elevane blir overført til Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse.

**Odda vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Kjøretøy

Tilbodet har berre fått to primærskjalar til ein halv klasse. Skulen har ikkje kommentarar til dette. Ved nedlegging av dette tilbodet vil det bli tilnærma full klasse på Vg2 Industriteknologi.

**Slåtthaug vidaregåande skole**

Nedlegging: Vg2 Automatisering

Det er berre fire primærskjalar med ungdomsrett til 14 elevplassar på Vg2 Automatisering. Bakgrunnstala, dvs. tal skjalar som har tilbodet som lågare prioritert ønskje, viser at det ikkje er søkjargrunnlag til dette tilbodet.

Heile programrområdet Automatisering opplever ein nedgang frå tidlegare år, og det vil vere naudsynt å gjere administrative justeringar også ved andre skular.

**Sotra vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Design og handverk  
Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Vg1 Design og handverk har berre fått fem primærskjalar med ungdomsrett til 15 plassar. Skulen ser at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet med så lågt elevtal.

Innføringsklassen for minoritetsspråklege elevar har berre fått to primærskjalar med ungdomsrett til 15 elevplassar og må leggjast ned. I Hordaland vil det i skuleåret 2019/20 truleg berre vere innføringsklassar ved Bergen katedralskole og Årstad vgs.

**Stord vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse  
Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse har fått tre primærskjalar med ungdomsrett til 15 plassar. Det er andre året dette tilbodet blir forsøkt sett i gang utan hell, og fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for tilbodet framover. Skulen har ikkje merknader til at tilbodet blir lagt ned.

Innføringsklassen for minoritetsspråklege elevar har fem primærskjalar med ungdomsrett til 15 plassar, og blir lagt ned.

**Voss gymnas**

Nedlegging: To innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar  
Vg2 Blomsterdekoratør  
Vg2 Frisørfag

Til innføringsklassane er det berre tre primærskjalar til 24 elevplassar. Skulen opplyser at det låge skjartalet var overraskande i høve til det gode frammøte på informasjonsmøtemøt for målgruppa i desember i fjor. Det er eit klart inntrykk at dei minoritetsspråklege elevane ikkje ønskjer å gå i innførings-

klasse, men heller ønskjer inntak direkte i ordinært Vg1-tilbod. Dette kan gi utfordringar i form av ein vanskelegare veg til fullført og bestått opplæring.

Vg2 Blomsterdekoratør har fått tre primærsøklarar med ungdomsrett til 15 plassar. Dette programområdet blei også lagt ned i 2018. Det bør vurderast i klassesaka hausten 2019 om tilbodet skal flyttast til ein skule i Bergensområdet.

Vg2 Frisørfag har fått fire primærsøklarar med ungdomsrett til 15 plassar. Dette er berre halvparten av søkjartalet frå i fjor då tilbodet til slutt blei oppretthalde. Fylkesrådmannen tilrår at tilbodet blir nedlagt.

Det er generelt sett synd at desse to Vg2-tilboda ikkje har fleire søklarar, ikkje minst pga. lokala som er bygd for å ivareta dette opplæringstilbodet, noko som også er tilbakemeldingane frå skulen.

### **Årstad videregående skole**

Nedlegging: Vg2 Laboratoriefag

Vg2 Laboratoriefag har fått tre primærsøklarar med ungdomsrett til 12 plassar (ein klasse). I tillegg er det tre primærsøklarar utan noko form for opplæringsrett. I 2018 var det seks primærsøklarar med ungdomsrett, i tillegg til ein søklar utan rett. Tilbodet blei då tilrådd lagt ned av fylkesrådmannen, men oppretthalde av fylkesutvalet. Sidan søkjartalet med ungdomsrett i år er 50 % lågare enn i fjor, blir tilbodet på nytt tilrådd lagt ned.

Skulen argumenterer mellom anna for å oppretthalde tilbodet ved at dei ser samla søkjartal frå alle søkjar-grupper under eitt. Skulen viser vidare til eit høgare tal søklarar som har dette tilbodet som sekundær-ønskje. Vidare blir det vist til at fagtilbodet ved skulen blir mindre, noko som er riktig. Programområdet blir heller ikkje gitt ved andre skular i Hordaland.

Utgangspunktet fylkesrådmannen nyttar for å vurdere nedlegging er søkjartal med ungdomsrett. Tal sekundærsøklarar blir berre unntaksvis vurdert i samband med om eit tilbod vurderast nedlagt eller ikkje. Fylkesrådmannen har ikkje vektlagt argument om fagtilbod ved Årstad vgs, gitt skulen sin størrelse.

Ny yrkesfagstruktur blir gjeldande frå 2020. Laboratoriefag blir då slått saman med kjemiprosess til eit nytt programområde på Vg2 (Vg2 Kjemiprosess- og laboratoriefag). Delprosjekt 1.5 for Vestland fylkeskommune arbeider med lokalisering og dimensjonering av nye tilbod på yrkesfag, og vil inngå som grunnlag for klassesaka hausten 2019.

### **Åsane videregående skole**

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi  
Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Vg2 Industriteknologi har også berre fått to primærsøklarar med ungdomsrett til 15 elevplassar. Tilbodet blir tilrådd lagt ned. Skulen tek tilråding om nedlegging til orientering.

Innføringsklassen for minoritetsspråklege elevar har berre fått to primærsøklarar med ungdomsrett til 15 elevplassar. Skulen tek tilråding om nedlegging til orientering.

## Vidaregåande opplæring for vaksne 2019/20

### Hovudtrekk i organisering av vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje blir godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3. Yngre vaksne med ungdomsrett kan søke om å få gjennomført opplæringa som vaksneopplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3

### Senterstruktur i Hordaland

Vaksneopplæringa i Hordaland fylkeskommune er tufta på fem regionale vaksneopplæringscenter, organisert som avdelingar ved respektive vidaregåande skular, jf. fylkestingssak 45/2015.

Vaksneopplæringscenter	Region
Vo-senter ved Åsane vidaregåande skole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Bergen Katedralskole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Sotra vidaregåande skole	Vest
Vo-senter ved Voss gymnas	Voss og Hardanger
Vo-senter ved Stord vidaregåande skule	Sunnhordland

### Tett samarbeid med verksemdar i privat og offentleg sektor

Vaksneopplæringa i Hordaland fylkeskommune har lagt vekt på å etablere eit nært samarbeid med verksemdar i privat og offentleg sektor. Vaksneopplæringscentera har gjennom ulike prosjekt samarbeidd tett med kommunane i opplæring av ufaglærte tilsette innanfor helse- og oppvekstfaga. Til dømes vil Hordaland fylkeskommune i haust vere første fylkeskommunen i landet som har gjennomført **Fagbrev på jobb** for to grupper i helsearbeidarfaget og ei mindre gruppe i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Gruppene er då klare for oppmelding til fagprøva. Det årelange samarbeidet mellom vaksneopplæringscenter ved Åsane vidaregåande skole og Bergen kommune i forsøksprosjektet VOPA / fagbrev på jobb gjorde tidleg start av ordninga mogleg. Lova blei verksett 01.08.18.

Fleire fag har vanskar med å rekruttere faglært arbeidskraft og legg til rette for at eigne tilsette skal få opplæring fram mot fagbrev. Opplæringsavdelinga har såleis valt å vidareføre opplæringstilbodet til praksiskandidatar som ein del av tilbodet til vaksne, dels som ei tilpassing til den faktiske etterspurnaden, og dels fordi ordninga er den fremste kanalen for å få yrkesaktive ufaglærte vaksne inn i vidaregåande opplæring. For fylkeskommunen er tilbodet elles ei kosteffektiv opplæringsløyning samanlikna med eit skulebasert yrkesfagleg opplæringstilbod for vaksne.

### Eitt hovudinntak og eitt supplerande inntak

Vaksne skal kunne søke opplæring uavhengig av fristane som gjeld for ungdom. Fylkeskommunen skal gi tilbod innan rimeleg tid. Ein har ikkje høve til operere med ventelister, jf. forskrift § 6-47, UDIR 2-2008. I praksis har fylkeskommunen løyst dette ved å ha eit hovudinntak på hausten og eit supplerande inntak i januar. Fylkeskommunane har over tid dimensjonert inntaket som eitt stort haustinntak, både fordi vaksne følgjer denne «skulerytmen» i sin etterspurnad, og elles for å oppnå ei rasjonell drift av opplæringa. Ein har såleis kunne trappe ned det supplerande inntaket i januar. Hordaland fylkeskommune nyttar elles «administrative søknadsfristar» til kvart inntak for å få til ei forsvarleg sakshandsaming av søknadane.

Opplæringstilboda i det supplerande inntaket, januar 2019

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*	Deltakarar
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 1-årig	VG1-VG3	Skule	42
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 2-årig	VG1-VG3	Skule	42
Sotra vgs.	BA	Reinholdsoperatørfaget	Vg3	PK	29
Stord vgs/Bømlo vgs.	SS	Salsfaget / kontor og admfaget	VG3	PK	25
Voss gymnas	HO	Helsearbeidarfaget	Vg2	Skule	20

Dei vidaregåande opplæringstilboda haust 2019 fordelt på dei fem regionale vaksenopplæringssentra

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 1-årig	VG1-VG3	Skule
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 2-årig	VG1-VG3	Skule
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 2-årig	VG1-VG3	Skule

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Stord vgs.	ST/PBYPB4	Fag for studiekompetanse over 2 år	VG3	Skule
Stord vgs.	HO	Helsearbeidarfag 2019-21 over 2 år	VG1/VG2	Skule/PK
Stord vgs.	FF	Fellesfag yrkesfag 5 fag 2019-21 over 2 år	VG1/VG2	Skule
Stord vgs.	FF	Forsterka norsk for minoritetsspråklege	Vg1	Skule
Stord vgs.	BA	Tømrarfaget	VG3	PK
Stord vgs.	TIP	Sveisefaget	VG3	PK
Stord vgs./Fitjar vgs	RM	Kokk og institusjonskokkfaga	VG3	PK
Stord vgs.	BA	Reinholdsoperatørfag	VG3	PK
Stord vgs.	NA	Akvakultur	VG3	PK
Stord vgs./Fitjar vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfag Forts fra haust 2018, aug - des 2019	VG1/VG2	Skule/PK
Stord vgs.	HO	Helsearbeidarfag	Vg3	FPJ

Vaksenopplæringscenter/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Sotra vgs.	RM	Sjømatproduksjon	Vg3	PK
Sotra vgs.	ST	Studiekompetansefag Norsk og matematikk	Vg3	Skule
Sotra vgs.	HO	Helse og oppvekstfag / helsearbeidarfag, minoritetsspråklige	Vg1	Skule
Sotra vgs.	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Sotra vgs.	FF	Fellesfag helsearbeidarfag	Vg1 og Vg2	Skule
Sotra vgs.	BA	Byggteknikk / Tømrerfag, minoritetsspråklige	Vg2	Skule
Sotra vgs.	BA	Fellesfag tømrerfag, minoritetsspråklige	Vg2	Skule
Sotra vgs.	SS	Logistikkfag/transportfag	Vg3	PK
Sotra vgs.	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfag	Vg3	PK
Sotra vgs.	HO	Helse og oppvekstfag / Barne- og ungdomsarbeidarfag, minoritetsspråklige	Vg1	Skule
Sotra vgs.	HO	Fellesfag, barne og ungdomsarbeidarfaget, minoritetsspråklige	Vg1	Skule
Sotra vgs.	NA	Målarfaget	Vg3	PK

Vaksenopplæringscenter/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Voss gymnas	HO	Helse og oppvekst / helsearbeidarfag	Vg1	Skule
Voss gymnas	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Voss gymnas	FF	Fellesfag helsearbeidarfag	Vg1 og Vg2	Skule
Voss gymnas	ST	Studiekompetansefag Norsk, Matematikk + NOR minoritet over 2 år	Vg3	Skule
Voss gymnas	RM	Kokk og institusjonskokkfag	Vg3	PK
Voss gymnas /Voss vgs	NA	Landbruk og gartnarnæring	Vg2	Skule
Voss gymnas /Voss vgs.	NA	Gartnarnæring	Vg3	Skule
Voss gymnas /Odda vgs	HO	Helsefagarbeidar	Vg2	Skule
Voss gymnas /Odda vgs	HO	Fellesfag helse og oppvekst	Vg2	Skule
Voss gymnas /Kvam vgs	HO	Helse og oppvekst	Vg1	Skule
Voss gymnas /Kvam vgs	HO	Fellesfag helse og oppvekst	Vg1	Skule

Vaksenopplæringscenter/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Åsane vgs	BA	Bygg - og anleggsteknikk	Vg1	Skole
Åsane vgs	BA	Byggteknikk	Vg2	Skole
Åsane vgs	BA	Fellesfag bygg og anleggsteknikk	Vg1 og Vg2	Skole
Åsane vgs	BA	Tømrer	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helse -og oppvekstfag	Vg1	Skole
Åsane vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg2	Skole
Åsane vgs	HO	Fellesfag helse og oppvekstfag / helsearbeidarfaget	Vg1 og Vg2	Skole
Åsane vgs	HO	Barne/ungdomsarbeiderfag	Vg2	Skole
Åsane vgs	HO	Helseservicefag	Vg2	Skole
Åsane vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg2/Vg3	FPJ
Åsane vgs	HO	Barne/ungdomsarbeiderfag	Vg2/Vg3	FPJ
Åsane vgs	HO	Barne/ungdomsarbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helsesekretær	Vg3	Skole
Åsane vgs	HO	Tannhelsesekretær	Vg3	Skole
Åsane vgs	SS	Kontor-salg-sikkerhetsfag	Vg3	PK
Åsane vgs	BA	Renhold	Vg3	PK
Åsane vgs /Stend vgs	RM	Kokk/institusjonskokkfag	Vg1	Skole
Åsane vgs /Stend vgs	RM	Kokk/institusjonskokkfag	Vg2	Skole
Åsane vgs	RM	Fellesfag restaurant og matfag / kokk- og institusjonskokkfag	Vg1 og Vg2	Skole
Åsane vgs /Årstad vgs	SS	Logistikkfag	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helsearbeiderfag, alternativ opplæring i skule	Vg3	Skole
Åsane vgs		Barne og ungdomsarbeiderfag, alternativ opplæring i skule	VG3	Skole
Åsane vgs Knarvik vgs	HO	Helse-og oppvekstfag	Vg1	Skole
Åsane vgs /Knarvik vgs	FF	Fellesfag Vg1	Vg1	Skole
Åsane vgs/Stend	NA	Landbruk/Agronom	Vg2	Skule
Åsane vgs/Stend	NA	Landbruk/Agronom	Vg3	Skule

Note alle tabellane \*: Nemninga «Skule» viser til opplæringstilbod som følger evalueringsordninga for elevvar/deltakarar i vidaregåande opplæring. Nemninga «PK» viser til opplæringstilbod som blir evaluert ved eksamensordninga for praksiskandidatar og lærlingar med full opplæring i bedrift.

#### Administrativ justering:

Det aktuelle tilbodet må så langt praktisk råd er tilpassast søknadane frå vaksne og dermed den faktiske etterspurnaden etter opplæring slik denne vil framkoma i løpet av våren. Ein må såleis ta høgde for ei administrativ justering av det faktiske opplæringstilbodet haust 2019 i tråd med den samla etterspurnaden.

**Økonomi**

Det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne 2019 har eit samla netto driftsbudsjett på kr. 64.514.000 og vidarefører kostnadsnivået for 2018, jf. budsjett 2019 Hordaland fylkeskommune. Dei nemnde opplæringstilboda for 2019 er budsjettert i høve til denne ramma.





Arkivnr: 2014/11864-7  
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	40/19	14.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

## Bømlo vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og Naturbruk

### Samandrag

I fylkestinget 04.10.2016 i saka PS 72/2016 *Rullering av skulebruksplanen 2017-2030* blei følgjande vedteke for Bømlo vgs:

### Region Sunnhordland

- *Bømlo og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.*
- *Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.*
- *Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.*

Bømlo vgs har i dag ikkje verkstadsareal for faga TIP, EL og Naturbruk. Det har som fylgje av vedtaket i skulebruksplanen og utgreiingane frå pilotprosjektet vore vurdert tre ulike lokaliseringar av nye verkstadsareal for TIP, EL og Naturbruk ved Bømlo vgs. Alternativa er:

- Utvida eksisterande skulebygg på Leite på Bremnes
- Byggje nytt bygg på ny tomt på Rubbestadneset (nær verkstadindustrien)
- Leige skulelokale i planlagt nybygg på Rubbestadneset. Nybygg som blir etablert av UNITECH i nær framtid

Lokalisering har vore vurdert ut frå det som gjev best løysing for elevar, tilsette, næringslivet og lokalsamfunnet. Dette er vurdert i pilotprosjektet og AMU ved dei to skulane har uttala seg om dei alternative lokaliseringane. Både styringsgruppa for pilotprosjektet og AMU ved dei to skulane har anbefalt at verkstadslokala blir lokalisert nær næringslivet på Rubbestadneset. Ingen av uttalane har gitt preferanse til om det skal vera i leigebygg eller i bygg eigd av Hordaland fylkeskommune (alt. B og C).

Det er også vurdert økonomi og framdriftsrisiko knytt til dei tre alternativa. Skuleareal for fellesfag og administrasjon vil for alle tre alternativa vera i eksisterande skulebygg på Leite. Dei tre alternativa har bruk for noko ulikt omfang av areal. Alternativ A har ikkje trong for fellesareal som inngangsparti, kantine, lærararbeidsplassar og liknande, då eksisterande skulebygg på Leite allereie har desse areala. Alternativ B har trong for alle desse fellesareala.

Alternativ C vil berre ha trong for å leige ein del av fellesareala då det er meininga å dele dette med andre brukarar av UNITECH sitt bygg.

Det framtidige fagtilbodet ved Bømlo vgs for faga EL, TIP og Naturbruk er ikkje endelig vedtatt, men skal sjåast i samanheng med øvrige tilbod i regionen – ref. vedtak i skulebruksplanen. Det har derfor vore vurdert arealbehov for fleire løysingar av fagtilboda. Alternativ A krev sjølvstendig minst nytt areal og samanlikna med alternativ A så er ytterligere arealbehov:

- B. 1025-1079 m2 ekstra, samt kostnader til tomt
- C. 559-599 m2 ekstra

Risikoen for alternativa knytt til framdrift er ulik. Truleg vil alternativ C kunne realiserast raskast, men Hordaland fylkeskommune har ikkje åleine styring av framdrifta for dette alternativet. Alternativ A og B vil vera avhengig av prioritering av investeringsmidlar i fylkeskommunen, men vil uansett ta noko lengre tid å realisera då prosjekta ikkje er kome så langt som alternativ C. Spesielt alternativ B vil ta lengre tid grunna usikkerheit knytt til kjøp og regulering av ny tomt.

**Økonomi:** To av alternativa baserer seg på at Hordaland fylkeskommune investerer i nytt skulebygg og eit alternativ baserer seg på leige. Det er etablert ein intensjonsavtale for leige som baserer seg på byggjekostnader som er tilsvarande det som Hordaland fylkeskommune nyttar. Samla, så gjev det eit godt bilde av økonomien å sjå på arealforskjellar og tomtekostnader. Meirkostnad for alternativ B og C samanlikna med alternativ A (eks mva):

- B. Byggjekostnad  $1050 \text{ m}^2 \times 25.000 \text{ kr/m}^2 + \text{tomtekostnad } 3000 \text{ m}^2 \times 1.500 \text{ kr/m}^2 = 30,8 \text{ mill kroner}$
- C. Byggjekostnad  $580 \text{ m}^2 \times 25.000 \text{ kr/m}^2 = 14,5 \text{ mill kroner}$  som blir omgjort til leigekostnad

Det vil i tillegg bli noko høgare driftskostnader av å ha to lokasjonar.

**Klima:** I forhold til klima og miljø er det ikkje så stor skilnad på alternativa. Alle alternativa baserer seg på nybygg. Ei delt løysing vil auka transportbehovet noko og det å byggja eit større areal vil også vera negativt for klima.

**Folkehelse:** I forhold til folkehelse er det ikkje skilnad på alternativa. Alle vil vere nybygg med gode løysingar knytt til folkehelse.

**Regional planstrategi:** *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* fastsett som prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester, at dei skal lokaliserast i eller nær sentrum av senter definert i regional plan eller kommuneplan. Den eksisterande skulen ligg ikkje i regionsenteret, men i kommunesenteret. Ein deling av opplæringsstaden vil vera negativt i høve til å styrka kommunesenteret.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar at framtidig lokalisering av verkstadar til faga TIP, EL og Naturbruk blir i nybygget til UNITECH på Rubbestadneset, alternativ C.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle endeleg avtale med eigar av nybygget til UNITECH basert på vedlagte intensjonsavtale når endeleg fagtilbod er vedtatt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Uttale frå styringsgruppa i pilotprosjektet
- 2 Uttale frå AMU Rubbestadneset vgs
- 3 Uttale frå AMU Bømlø vgs
- 4 Intensjonsavtale med UNITECH

Fylkesrådmannen, 29.04.2019

## 1. Bakgrunn

I fylkestinget 04.10.2016 i saka PS 72/2016 *Rullering av skulebruksplanen 2017-2030* blei følgjande vedteke for Bømlo vgs:

### **Region Sunnhordland**

- *Bømlo og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.*
- *Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.*
- *Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.*

Bømlo vgs har i dag ikkje verkstadsareal for faga TIP, EL og Naturbruk. Det har i samråd med vedtaket i skulebruksplanen vore vurdert lokaliseringar for verkstadsareala og samarbeid med næringslivet.

## 2. Lokalisering

Lokalisering har vore vurdert ut frå det som gjev god løysing for elevar, tilsette, næringslivet og lokalsamfunnet. Dette er vurdert i ein omfattande prosess i pilotprosjektet. Som følge av vedtaket i skulebruksplanen og utgreiingane i pilotprosjektet har det vore vurdert tre ulike lokaliseringar av bygg for verkstadsareal for TIP, EL og Naturbruk ved Bømlo vgs. Alternativa er:

- A. Utvida eksisterande skulebygg på Leite på Bremnes
- B. Byggje nytt bygg på ny tomt på Rubbestadneset (nær verkstadsindustrien)
- C. Leige skulelokale i planlagt nybygg på Rubbestadneset. Nybygg som blir etablert av UNITECH i nær framtid

Både styringsgruppa for pilotprosjektet og AMU ved dei to skulane har anbefala at verkstadslokala blir lokalisert nær næringslivet på Rubbestadneset. Ingen av uttalane har gitt preferanse til om det skal vera i leigebygg eller i bygg eigd av Hordaland fylkeskommune (alt. B og C).

## 3. Økonomi og areal

Areal for fellesfag og administrasjon vil for alle tre alternativa vera i eksisterande skulebygg på Leite. Dei tre alternativa har bruk for noko ulikt omfang av areal. Alternativ A har ikkje trong for fellesareal som inngangsparti, kantine, lærararbeidsplassar og liknande, då eksisterande skulebygg på Leite allereie har desse areala. Alternativ B har trong for alle desse fellesareala. Alternativ C vil berre ha trong for å leige ein del av fellesareala då det er meininga å dele dette med andre brukarar av UNITECH sitt bygg.

Det framtidige fagtilbodet ved Bømlo vgs for faga EL, TIP og Naturbruk er ikkje endelig vedtatt, men skal sjåast i samanheng med øvrige tilbod i regionen – ref. vedtak i skulebruksplanen. Det har difor vore vurdert arealbehov for fleire løysingar av fagtilbodet. Sak for dimensjonering/fagtilbod samt rom- og funksjonsprogram er planlagt lagt fram saman med rom- og funksjonsprogram for Stord vgs i desember 2019.

Alternativ A krev sjølvstøtt minst nytt areal, og samanlikna med alternativ A så er det ekstra arealbehovet:

- B. 1025-1079 m2 ekstra, samt kostnader til tomt
- C. 559-599 m2 ekstra

Det har for berekning av areal vore ein føresetnad at det for grunnleggjande klassar, VG1, vert nytta det same arealbehovet som ved andre nye skular. For VG2 klassar, er det nytta 70% av arealet i tråd med vedtaket i skulebruksplanen om at noko av opplæringa skal bli flytta ut i bedrift.

Alle tre alternativa har tilsvarande bruk for nytt undervisningsutstyr, AV-utstyr og møblar og er difor ikkje tatt med i kostnadsskilnaden mellom alternativa. Det er nytta ein byggekostnad på 25.000 kr/m<sup>2</sup> eks mva.

Ut frå vurderingar frå takstmann, vil tomteprisen i det aktuelle området på Rubbestadneset vera om lag kr 1.500 pr m<sup>2</sup>.

- B. Byggjekostnad 1050 m<sup>2</sup> x 25.000 kr/m<sup>2</sup> + tomtekostnad 3000 m<sup>2</sup> x 1.500 kr/m<sup>2</sup> = 30,8 mill kroner
- C. Byggjekostnad 580 m<sup>2</sup> x 25.000 kr/m<sup>2</sup> = 14,5 mill kroner som blir omgjort til ein auka leigekostnad

Samanlikna så får alternativ B 30,8 mill kroner høgare kostnad og alternativ C 14,5 mill kroner høgare kostnad enn alternativ A. Kostnaden i alternativ C vil bli omgjort til leigekostnad.

#### 4. Framdrift

Det er knytt ulik risiko til dei tre alternativa når det kjem til framdrift.

Alternativ A:

Alternativ A er påbygg på eksisterande skulebygg på eigen tomt. Usikkerheita på dette alternativet er hovudsakleg knytt til finansiering. Dersom ikkje finansieringa utsett framdrifta, så er det truleg at bygget kan stå ferdig til årsskiftet 2022/2023.

Alternativ B:

Alternativ B er det alternativet som har klart størst risiko knytt til seg. Det vil ta tid å kjøpa og regulera ei ny tomt og det er heller ikkje sikkert at ein klarar å skaffa ei ny tomt nært til industrien på Rubbestadneset. Sjølv om tomtekjøp og regulering går raskt, vil det ta om lag 2 år lengre tid enn alternativ A og skulebygget vil stå ferdig i løpet av 2024.

Alternativ C:

Risikoen knytt til alternativ C er primært at Hordaland fylkeskommune har avgrensa styring av framdrifta. Samstundes er planlegginga av bygget til UNITECH kome langt og skal ut frå planane stå ferdig i god tid før planlagt leigestart sommaren 2022. Usikkerheit knytt til byggekostnader på alternativ A og B gjeld ikkje for alternativ C. Dette gjeld både høgare og lågare byggekostnader.

#### 5. Samla vurdering

Det økonomisk mest gunstige på lang sikt (meir enn 15 år) er å investera i eige bygg på Leite, alternativ A. Det klart mest ugunstige er alternativ B. Relatert til framdrift, så er det truleg minst risiko med alternativ C. Også på dette punktet kjem alternativ B klart dårlegast ut. Ut frå økonomi og framdrift er det berre alternativ A og C som er aktuelle. Av desse to er alternativ A noko betre, men det krev vesentleg meir investeringsmidlar.

Styringsgruppa i pilotprosjektet og AMU ved begge skulane anbefalar at verkstadslokala for TIP, EL og naturbruk blir lokalisert nært næringslivet for å skape vekselverknader mellom skule og næringsliv for desse fagområda. Dette vil gje nærleik til kompetanse og rollemodellar som lett kan støtte og hjelpe ved praktisk opplæring og oppgåveløysing i skulen. Både alternativ B og C er dekkande for dette.

Alle fellesfag blir undervist på Leite for alle alternativa, så for alternativa B og C, vil elevane innan TIP, EL og Naturbruk vera knapt halve skuletida på Leite og resten på Rubbestadneset. For lærarar innan verkstadsfaga for TIP, EL og Naturbruk vil dei vera tilnærma heile tida på Rubbestadneset. Dette at nokre lærarar er lokalisert ein annan stad enn hovudvekta av dei tilsette, og at nokre elevar er lokalisert ein annan stad enn på Leite for meir enn halve skuletida er ein ulempe. Den korte avstanden mellom dei to stadane (9 km) reduserer ulempa.

Fordelen med nærleik til næringslivet må vegast opp mot ulempa med ein delt skule. For elevane og lærarane gjev samlokaliseringa med næringslivet også heilt nye moglegheiter. Desse nye moglegheitene er det viktig å ta vare på og utvikle. Samla er det derfor fylkesrådmannen si tilråding at ein vel alternativ C.

**Notat**Dato: 03.04.2019  
Arkivsak: 2017/4991-32  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Eigedomsdirektør

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

**Tilråding lokalisering verkstader nye Bømlo vidaregåande skule****Bakgrunn**

Fylkestinget fatta i oktober 2016 (sak 72/16) vedtak om å greie ut eit pilotprosjekt på Bømlo som skal styrkje samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag kan gjennomførast ute i bedrift.

Frå vedtak vart fatta i FT i 2016 vart det sett i gang eit arbeid med å utforme oppdragsspesifikasjon. Prosjektorganisasjonen blei endeleg sett i januar 2018, og prosjektplan blei handsama i fylkesutvalet i mai 2018 (sak 186/2018). Prosjektgruppa har levert ein rapport som har vore handsama og godkjent i styringsgruppa som ligg til grunn for vidare arbeid for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv.

**Prosjektrapporten**

Rapporten utarbeidd av prosjektgruppa peikar på sju særlege funn som det er naudsynt å adressere for å auke samarbeidet mellom skule og næringsliv (lagt fram som referatsak i fylkestinget mars 2019, RS 6/2019). Mellom anna ligg det i dette at for å skape vekselverknader mellom skule og næringsliv må ein nytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag.

På bakgrunn av dette har prosjektgruppa og styringsgruppa vurdert lokalisering av framtidige verkstadsareal knytt til nye Bømlo vidaregåande skule.

Det har ein viktig verdi at skulen sine verkstadsareal er fysisk tett på industrien, då det vil gi nærleik til kompetanse og rollemodellar som lett kan støtte og hjelpe ved praktisk opplæring og oppgåveløysing i skulen. Eitt av tiltaka for å få til meir praksis i og i samarbeid med bedriftene, er prosjektering av programfaga. Fysisk nærleik er viktig for å leggje til rette for dette samarbeidet. Dette vil gi betre moglegheiter for å skape ei praksisnær og relevant opplæring tett på arbeidslivet.

Representantar frå styrings- og prosjektgruppa, skulane og arbeidslivet har vore på studietur til Kongsberg og K-tech for å hauste erfaringar frå ein liknande modell der opplæringscenteret ligg i industriklynga. Erfaringane derifrå er at ein slik nær tettleik mellom skule og arbeidsliv aukar kvalitet og kompetanse på elevane som skal ut i lære og motivasjonen hos elevane.

God lokalisering av verkstadsareal er berre eitt grep for å styrke samarbeidet mellom arbeidsliv og skule, og ein opplæringsmodell og tydelege mål for kva skulen og arbeidslivet ønskjer skal vere resultat av opplæringa, vil styrke sjansane for å auke samarbeid mellom aktørane, auke praksisopplæring i bedrift og auke kvaliteten på opplæringa.

Bedriftene lokalt har gjennom prosjektet også tydeleg ytra at ein moderne skule tett på industrien er ein føresetnad for å få til den omstillinga og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringar for å skape framtidens teknologi og arbeidsplassar.

### **Alternative løysingar for lokalisering**

Gjennom prosjektarbeidet har det vore diskutert alternative moglegheiter for samarbeid gjennom ulike løysingar for lokalisering av verkstader. Tidleg var utgangspunktet at verkstad skulle vere knytt til området på Leite. Etter kvart som prosjektet modnast og ein fekk fram moglege gevinstar av tettare samarbeid, blei det klart at for å optimalisere dette samarbeidet var det behov for å ha verkstader tett på arbeidslivet. Dette var også eit insentiv for verksemdene til å bli meir aktive i prosjektet, særleg i form av utvikling av programfagsprosjekt. Det er særleg aktivitet knytt til programfag ein kan merke effekten av tettare samarbeid i form av meir praksis i og saman med bedrift. Organisering og gjennomføring av opplæring i faget yrkesfagleg fordjuping har frå før som mål at denne skal gjennomførast ute i bedriftene, og er såleis mindre avhengig av kvar skulen sine verkstader er lokalisert.

### **Styringsgruppa si tilråding til lokalisering av verkstad for nye Bømlo vgs**

Med utgangspunkt i læring i prosjektet, funn i prosjektrapport og prosess undervegs, tilrår styringsgruppa i prosjektet ei lokalisering av verkstader knytt til industriområdet på Rubbestadneset.

Bjørn Lyngedal,  
fylkesdirektør opplæring



**Referat etter møte mellom AMU, SL, UDF og leiargruppa – innspel på lokalisering for TIP, EL og Naturbruk i nye Bømlo vidaregåande skule**

Dato: 12. april 2019

Stad: rektorkontor

Tidspunkt: 08:00 – 08:25

Deltakarar: Rune Indrehus (SL), Tor Gunnar Halleraker (UDF), Olaf Markhus (AMU), Helge Harkestad (leiargruppa) og Arnhild Tveita Larsen (AMU) og Rune Gåsland (leiargruppa og AMU)

Ikkje tilstades: Jan Harry Grindheim (leiargruppa og AMU)

**Oppgåve:**

Skulen er invitert av eigedomsdirektøren i HFK om å gi innspel på lokalisering av skulebygg for TIP, EL og Naturbruk i nye Bømlo vidaregåande skule. Ref. vedtak i fylkestinget oktober 2016.

**Innspel:**

Sett i lys av pilotprosjektet og erfaringar med å liggje i næringslivsklynga på Rubbestadneset (læringsutbyte for elevane og fagmiljø), er me positive til at nye Bømlo vidaregåande skule har opplæring på to lokasjonar (Leite og Rubbestadneset).

Det er avgjerande for oss at eit skulebygg/område på Rubbestadneset inneheld TIP, EL og Naturbruk og vert utforma slik at ein kan variere mellom teori og praksis i skulekvardagen.

Kvaliteten (innhaldet, organiseringa, fleksibiliteten og forutsigbarheten) på skulen er viktigare enn kven som eig skulen/området.

Rubbestadneset, 12. april 2019



Rune Gåsland (rektor)



Tor Gunnar Halleraker (UDF)



Rune Indrehus (SL)



Arnhild Tveita-Larsen (HVO)



Referat frå møte i AMU ved Bømlo vidaregåande skule tysdag 23. april 2019 kl 1200

Desse er kalla inn: Eline Lindøe Nitter (tillitsvalt UDF), Marit Djønnø (verneombod), Hilde Stoknes (tillitsvalt Fagforbundet), Linda Aga Legøy (varatillitsvalt UDF), Rebecca Hildebrandt-Paulin (ass. Rektor), Wencke Størksen (avdelingsleiar), Oddvar Nesse (avdelingsleiar), Asbjørn Mæland (rektor)

Meldt forfall: Hilde Stoknes/Fagforbundet

**Sak 012019: Etablering av lokalt AMU ved Bømlo vidaregåande skule – val av leiar og referent**

<https://www.arbeidstilsynet.no/hms/roller-i-hms-arbeidet/arbeidsmiljoutvalg-amu/>

Vedtak: Linda Aga Legøy (tilsettrepresentant/UDF) valt til leiar og Asbjørn Mæland skrivar (Arbeidsgjevar).

Leiar hadde ein kort gjennomgang av AMU sine oppgåver.

**Sak 022019: Uttale i samband med planar for vidaregåande skule på Bømlo**

Førelegg frå eigedomseksjonen i Hordaland:

*(Frist for uttale er sett til 25. april)*

*Grunnlaget er rapporten fra prosjektgruppen og vedtak i skolebruksplanen. Det som skolen må uttale seg om er følgende:*

*Det legges frem en sak for fylkestinget i juni der lokalisering av praksislokaler for TIP, EL og Naturbruk skal besluttes for **Bømlo vgs**. Saken skal først opp i OPHE 14/5 og FU 29/5 før FT i 13/6. Det vurderes/utredes tre alternativ:*

- 1. Utvide eksisterende skolebygg på Leite*
- 2. Bygge nye lokaler på ny tomt på Rubbestadneset (nær industrien)*
- 3. Leie skolelokaler i planlagt nybygg på Rubbestadneset. Nybygg som etableres av UNITECH*

Vedtak: Pilotprosjektet tilrår at den nye Bømlo vidaregåande skulen får delt lokasjon mellom Leite (dagens Bømlo vidaregåande skule) og Rubbestadneset, der ein i Rubbestadneset satsar på «verkstadfaga» og får ei tenleg tilknytning til det lokale arbeidslivet for dei tekniske yrkesfaga. Denne tilrådinga er noko AMU ved Bømlo vidaregåande skule stiller seg bak.

Samstundes ynskjer AMU at ein også må arbeida for at alle tilsette og elevar må kjenna tilhøyrslø til nye Bømlo vidaregåande skule, for å sikra eit godt arbeidsmiljø og skulemiljø. Det må setjast av ressursar til å ivareta utfordringane med delt lokasjon mellom Leite og

Rubbestadneset. AMU ynskjer at nye Bømlo vidaregåande skule framleis skal vera ein attraktiv arbeidsplass og skule for framtidige tilsette og elevar.

Difor har heller ikkje AMU sterke meiningar om kven som eig bygget – innhaldet, kvaliteten i opplæringa og at tilsette og elevar sine interesser blir ivaretekne på to stader er viktigare enn eigarskapen til bygget.

**Sak 032019: Tidspunkt for nytt møte.**

Plan om 2 møter i halvåret.

Vedtak: Nytt møte i veke 25

Ref: Asbjørn Mæland

  
Linda Aga Løgøy/leiar AMU

  
Marit Djonne/VO

## Intensjonsavtale - leige av skulebygg for Bømlo vgs

<b>Firmanavn:</b>	<b>UNITECH Offshore AS</b>
Org. Nr:	966528591
Besøksadresse:	Espehaugen 25
Postadresse:	5258 Blomsterdalen
Kontaktperson:	Gunnar Birkeland
Tlf/mob	90981029
e-post	gunnar.birkeland@unitechsubsea.com
<b>Firmanavn:</b>	<b>Hordaland fylkeskommune</b>
Org. Nr:	938 626 367
Besøksadresse:	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen
Fakturaadresse:	Postboks 7900, 5020 Bergen
Kontaktperson:	Jostein Fjærestad
Mob:	466 20 557
E-post:	Jostein.fjaerestad@hfk.no

### 1. FORMÅL MED AVTALEN

Med bakgrunn i skulebruksplanen til Hordaland fylkeskommune (HFK), så har det vore gjennomført eit prosjekt i fellesskap mellom fylkeskommunen, Bømlo kommune og næringslivet på Bømlo for å sjå korleis ein kan utvikla samarbeidet mellom skule og næringslivet for yrkesfaga. Ei aktuell løysing er å etablera verkstadslokala for TIP, EL og NA (naturbruk) i lokala til det planlagde nybygget til UNITECH (UT) på Rubbestadneset og at HFK leiger desse lokala av UT.

Formålet med denne intensjonsavtalen er å definera vilkåra for eit slikt leigeforhold.

### 2. LEIGE

Det er foreløpig uavklart kor stort areal HFK ynskjer å leige, men det er antatt at arealet vil ligge mellom 1500m<sup>2</sup> og 2500m<sup>2</sup> i tillegg til ein andel av fellesareal.


Det er gjennomført vurderingar av leigepris. Med ein byggekostnad på kr 25.000/m<sup>2</sup> eks.mva og ei leige på 6% av byggekostnad blir den avtala leiga kr 1500/m<sup>2</sup>.

HFK vil betala tilsvarende leige for ein andel av fellesområda som skal nyttast av HFK. Andel av fellesområda som det skal betalast leige av blir sett lik andel av totalarealet som HFK leiger.

Føresetnaden for leigeprisen er ein leigeavtale på 15 år med opsjon på 5 år.

Kvalitet på leigebygget skal vera om lag som andre nye skular HFK bygger.

Leiga blir justert årleg med endringa i KPI frå 01.01.2020.



### 3. FRAMDRIFT

Planlagt framdrift er at det blir vedtatt i juni 2019 kvar praksislokala til TIP, EL og NA skal etablerast for Bømlo vgs. Dersom vedtaket blir at ein skal gå vidare med samlokalisering med UT, vil endelig rombehov vera planlagt avklara i politisk vedtak i desember 2019.

Vidare arbeid etter desember 2019 blir å utvikla tenlege lokale for skulen i UT sitt bygg på Rubbestadneset vinteren 2020, med planlagt start av leigeforholdet sommaren 2022. Arbeidet skal munna ut i ein leigekontrakt.

### 4. ATTERHALD

UT tar atterhald om nødvendig finansiering og godkjent byggesøknad.

HFK tar atterhald om positivt politisk vedtak både i sak om lokalisering juni 2019 og i sak om rom- og funksjonsprogram desember 2019. HFK tar også atterhald om at politiske vedtak kan bli utsatt og at start av leigeforholdet kan bli utsatt til sommaren 2023. Det må i tillegg takast atterhald om politisk godkjenning av leigekontrakt.

### 5. AVTALAR SOM SKAL INNGÅAST SOM OPPFØLGING AV DENNE AVTALEN


- Leigekontrakt

### 6. DIVERSE

Intensjonsavtalen varar frå signeringsdato og fram til leigeavtale vert inngått. Ingen av partane kan retta krav mot den andre parten som følgje av at leigeavtale ikkje vart inngått.


Sted/dato

Bergen, 30. april 19  
2019

  
Bernt Hellesø  
UNITECH Offshore AS

Sted/dato:

Bergen, 30. april 19

  
Ingrid H. Svendsen, konst. fylkesrådmann  
Hordaland fylkeskommune

Arkivnr: 2017/1228-23

Saksbehandlar: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	18/19	07.05.2019
Utval for opplæring og helse	41/19	14.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

**Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar****Samandrag**

Fylkestinget gjorde 12.12.2018 vedtak i sak PS 120/2018:

«Fylkestinget ber om evaluering av prosjektet, før det vert teke ei slutning om å innføre tiltaket som permanent ordning.»

«Auka gjennomføring - fleire ut i lære», prosjekt med fem yrkesfaglege koordinatorar (YFK) på seks yrkesfaglege skular. Formidlingstal frå prosjektskulane viser ein auke i formidla lærlingar samanlikna med førre året.

Evaluering er gjennomført av Forsking, internasjonalisering og analyse (FIA), medlemmer frå styringsgruppa, skulane i prosjektet og dei yrkesfaglege koordinatorane. Det vil i saksutgreiinga verte fokusert på kva vi har lært og observert i prosjektet og korleis skuleeigar kan bevare god læring og korleis denne kan kome andre skular til gode.

Prosjektet har gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrege til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Arbeidet med å etablere ei forståing for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland er på rett veg.

Prosjektet skal gå ut 2019. Metodar og verktøy set elevar og lærlingar i sentrum og har nytteverdi for skuleeigar. Saka har særleg merksemd på erfaring, evaluering og funn. Verktøy som er utvikla i prosjektet og tilråding i det vidare arbeidet kjem fram i eige avsnitt.

Avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylke har som målsetting mellom anna å sikre nærleik til elevar, lærlingar, lærebedrifter/opplæringskontor, skular og andre brukarar. Eleven og lærlingen er difor sett i sentrum i den nye organiseringa av sektoren. Gjennom rettleiingseiningar ute i fylket vil skular, lærebedrifter og opplæringskontor bli følgt opp, og det er stor merksemd på det 4-årige løpet og kva som må til for å lukkast med heile den vidaregåande opplæringa. Læring i prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» vil vere viktig å ta med vidare.

**Økonomi:** Lønsmidlar, kostnader til reise m.m. vil utgjere om lag 5,6 millionar for 2020. Av desse utgjere statlege midlar 1,1 millionar løyvd i 2019, 2020 og 2021. Tiltaket vert styrka med ein stilling med særleg merksemd i Bergen.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Helsedirektoratet peikar på at utdanning er lokalt folkehelsearbeid. Utdanning påverkar kva for levekår ein får og korleis ein kan møte helsebelastande og helsefremjande faktorar gjennom livet. I tillegg vert dei psykologiske trekka påverka, som igjen gir styrka helse. Helsedirektoratet understrekar ein klar årsakssamanheng mellom utdanning og helse. (Kjelde: Helsedirektoratet, «Utdanning og helseulikheter»).

**Regional planstrategi:** Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 5.3 Dimensjonering av yrkesutdanninga - HFK er tillagt eit særskilt ansvar for dette i planen, men oppgåva må løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet i fylket, der alle gjer ein jobb for å nå målet. I tillegg må aktørane lokalt ta eit større ansvar, både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalt næringsliv. Gode prognosar og analysar vil her vere påkravd. HFK har fleire verkemiddel på dette feltet. Gjennom yrkesfagkoordinatorar ved skulane, samarbeidsavtalar mellom skulane og bedriftene i regionen og støttetiltak til bedriftene sikrar vi at flest mogleg lærlingar gjennomfører utdanninga.

### Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsettingsklare for lære plass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot lære plass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot lære plass

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

#### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsettingsklare for lære plass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot lære plass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot lære plass

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 08.04.2019

Gjennom arbeidet til dei fem yrkesfaglege koordinatorane (YFK) ved seks av dei yrkesfaglege skulane og eit systematisk arbeid på prosjektskulane sikrar vi ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det er utvikla eit tettare samarbeid mellom skulane og arbeidslivet, og prosjektet har utvikla nye måtar å arbeide med ungdomane på for å sikre deira veg til læreplass.

System og metodar som er utvikla må implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden. Slike system og metodar som er utvikla vil kunne gje varig effekt slik at fleire elevar skal kunne få seg læreplass.

Hordaland fylkeskommune kan med dette vise at ein har ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning; ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

### Tal overgang til lære, - prosjektskulane så langt mogleg i prosjektperioden

Statistikk kjelde, Hjernen og hjertet 23.10

Slåtthaug	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015- 2016	170	37,1 (63)	22,4 ( 38)
2016-2017	151	51,7 ( 78)	15,9 ( 24)
2017-2018	189	43,4 ( 82)	17,5 ( 33)

Sotra	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015-2016	149	46,3 ( 69)	24,8 ( 37)
2016-2017	144	38,9 ( 56)	24,3 ( 35)
2017-2018	143	46,9 ( 67)	25,2 ( 36)

Stord	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015-2016	125	28,8 ( 36)	22,4 ( 28)
2016-2017	129	36,4 ( 47)	30,2 ( 39)
2017-2018	104	51,9 ( 54)	16,3 ( 17)

Voss gymnas	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015-2016	Ingen data		
2016-2017	Ingen data		
2017-2018	56	23,2 ( 13)	46,4 ( 26)

Voss vg. skule	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015-2016	Ingen data		
2016-2017	Ingen data		
2017-2018	154	25,3 (39)	17,5 ( 27)

Årstad vg. skule	Elevar Vg2	% i lære	% påbygg Vg3
2015-2016	348	27,3 ( 95)	20,7 ( 72)
2016-2017	306	25,2 ( 77)	20,9 ( 64 )
2017-2018	350	26,6 ( 93)	22,0 ( 77)

### Søkjarmønsteret i prosjektskulane 2019

Søkjartala for 2019 syner ein auke av elevar som søker overgang til Vg3 lære/Vg3 i skule, og det er og ein nedgang i elevar som søker seg til påbygg Vg3.

Søkjarar vår 2019					
	tal elevar	Læreplass og Vg3 i skule	%	Påbygg Vg3	%
Slåtthaug vgs	175	126	72 %	30	17 %
Sotra vgs	152	116	76 %	29	19 %
Stord vgs	90	75	83 %	9	10 %
Voss gymnas	48	17	35 %	30	63 %
Voss vgs	77	58	75 %	9	12 %
Årstad vgs	221	140	63 %	47	21 %

### Funn og evaluering

Prosjektet har gjennom strukturerte prosessar gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrege til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

For å lukkast med auka gjennomføring er suksesskriteriet å få eleven inn på lærekontrakt. Nasjonale og lokale tal viser at lærlingar har ein fullføringsgrad med fag- eller sveinebrev på yrkesfag på 83% (kull 2012, kjelde Udir). Når elevane kjem seg i lære fullfører fleire. Systematisk arbeid på skulane og auka samarbeid med arbeidslivet i regionane, utarbeiding av felles retningslinjer og struktur på faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) må utarbeidast.

AUD-notat 01/19 frå FIA - evaluering av prosjektet (vedlagt ) viser at det er ei endring i korleis lærarane ser på ansvaret dei har for at elevane skal kome seg vidare over til lære. Samstundes viser og rapporten at kartlegging av elevar i høve til interesse og motivasjon er eit lite brukt verkemiddel. Fellesfaga er framleis i liten grad yrkesretta. Dei faga som i følgje lærarane er komne lengst er norsk og engelsk. Vidare viser og rapporten at bruk av ressursteam er godt forankra, og mange av lærarane har kjennskap til dette, men få meiner det er nyttig å bruke ressursteam i høve til å få eleven vidare i lære. Samstundes er verktøyet formidlingsplan lite kjend hjå lærarane, og det er også få som meiner det er nyttig å ha ein slik plan.

Trass i mangelfull forankring av sentrale planar for korleis elevane skal få læreplass kjenner lærarane eit ansvar for at elevane får læreplass, også etter at dei har avslutta Vg2. Mange lærarar meiner yrkesfag-læraren si rolle må vere å ta meir ansvar for å førebu elevane og motivere til å søke læreplass. Lærarane rapporterer og om at dei har behov for meir bedriftskontakt generelt for å sikre at fleire får læreplass.

Rapporten viser også at hjå leiinga ved skulane er oppfatninga at det er meir fokus på å ta ansvar for elevane i den perioden dei er på skulen enn tidlegare. Det som vert trekt fram er kompetanse hjå lærarane, kontaktflate mot næringslivet, viktigheita av fagbrevet i eit kompetanseperspektiv og det å gje eit best mogleg grunnlag på skulen for vegen vidare i utdanningsløpet.

Fylkesrådmannen ser at dette samsvarar med evalueringar som er levert frå rektorar på prosjektskulane.

«Sammen med skolens lærere (YFF) har YFK vært en viktig brikke i å oppnå resultater i forhold til leveransmålene. YFK har vært viktig for vellykkede arrangement som yrkesfagdag, læreplasskonferanser, næringslivsdag, Dette er arrangement som vi har satt i system og laget en felles strategi på. YFK er et supplement til lærerne som i utgangspunktet hadde et kontaktnett ut mot bedrifter. Arbeidet har blitt bedre strukturert og oversiktlig, et arbeid som gjør at skolen får oversikt. YFK er også en pådriver og et supplement ut mot elevene i forhold til både informasjon og motivasjon. Det har også blitt en mye mer enhetlig praksis på de ulike avdelingene. YFK har hjulpet oss til å holde fokus på arbeidet og passe på at tidsfristene blir holdt. Vi i skolen har store utfordringer med de minoritetsspråklige elevene, hvilke tiltak skal settes i verk for at vi skal lykkes med disse? YFK sitt aktive arbeid både mot elever og bedrifter bidrar i større grad til at vi får flere ut i lære.

Med YFK som lokomotiv arbeider skulen meir systematisk.

Mindre avhengig av det personlege nettverket til kvar faglærer. Større fokus på eit 4-årig heilskapleg utdanningsløp».

«Gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har vi som skole satt fokus på det 4-årige utdanningsløpet, en helhetlig opplæring og overgangen fra skole til læretid. Intensjonen slik vi forstår den er at i 2+2 modellen skal skole og arbeidsliv samarbeide om elevenes opplæring over 4 år. Som skole har vi nå mål om at alle elevene som er kvalifisert og ønsker læreplass skal få dette. For å få dette til er det nødvendig med et tett samarbeid med næringslivet/arbeidsliv og vi har utarbeidet en formidlingsplan for de 2 første årene som setter samarbeid med bedrift på dagsorden og har med seg aktiviteter og tiltak som skal bidra til at elevene blir tilsetningsklar.»

Skulane som har delteke i prosjektet og har hatt YKF tilsett, rapporterer om ei endring i måten dei ser oppdraget på. Skulane byrjar å sjå at dei har ansvaret for at eleven skal vere tilsetningsklar og med det kome seg vidare i lære. Skulane har fått eit endra fokus gjennom prosjektet, dei ser at dei må arbeide strukturert og samla, den enkelte skulen vert såleis meir robust. Auka, tettare samarbeid med arbeids- og næringsliv er sett på agendaen, og dette gjev elevane ein meir føreseieleg overgang til lære.

«I skulesamanheng har vi eit større ansvar for at dei (elevane) lukkast. Formidlingsplanen har eit meir tydeleg mål om suksess. Vi føler sterkt for at elevane får lærekontrakt og at dei lukkast. Dette er ei ny endring hos oss. Rektor, Voss vgs».

Representant i styringsgruppa som representerer arbeidslivet tek opp at vedkomande «-- håpar at alt det arbeidet som har blitt gjort og systematisert i prosjektet, vert ein standard for korleis alle skular skal jobbe opp mot bedrifter og kommunar/fylkeskommune. Det bør utarbeidast retningslinjer for korleis alle skal jobbe med koordinering skule/ bedrift, og alle som jobbar med dette fagfeltet, må forplikte seg til å etterleve retningslinjene. Vi har lært mykje gjennom å delta i styringsgruppa for prosjektet, men er diverre framleis undrande til at alt det gode som koordinatorane i prosjektet har fått til, ikkje allereie for lenge sidan er sett i system i heile vidaregåande skule».

Fylkesrådmannen si erfaring frå prosjektet er at skulane må ta eit større ansvar for formidlinga. Oppdraget må vere tydeleg forankra internt på opplæringsavdelinga og i skulane. Dei yrkesfaglege koordinatorane har gjennom prosjektet meldt tilbake at mykje av arbeidet rundt formidling og arbeidet med tenkinga rundt det 4-årige løpet har falle på dei. Det har til tider vore utfordrande å få med seg heile skulen, og dei slit med å vere i tillegg til og ikkje i staden for. I framtida må vi sikre at skulane i enda større grad ser rolla dei har i den heilskaplege 4-årige opplæringa.

Arbeid og prosessar i det heilskaplege 4-årige løpet må etterspørjast og målast i kvalitetssystemet.

Fylkesrådmannen ser at læreplassrekneskapen som er utvikla, er eit system for å fange opp dei som vil slite med å kome seg vidare i lære.

## **Struktur og verktøy**

Det er utvikla struktur og verktøy i høve til at skulen skal ta eit ansvar for at elevane skal kome seg vidare i lære gjennom ein formidlingsplan og læreplassrekneskap.

## **Formidlingsplan**

Formidlingsplanar som vert implementert i skulen sitt ordinære årshjul viser arbeidet skulen gjer med formidling til læreplass og inngår i prosjektskulane sitt årshjul for 18/19. Formidlingsplanen systematiserer arbeidet med elevane i grupper og arbeidet rundt individet. Prosjektet erfarer og evalueringsrapporten viser at formidlingsplanen må implementerast i skulen sitt årshjul for at han skal ha nytteverdi. Skulen må eige oppgåvene som skal gjerast for at eleven skal kome seg vidare i lære.

## Læreplassrekneskap

Det er utvikla ein læreplassrekneskap (LPR) for å kunne følgje eleven på vegen til læreplass og skulen si rolle som del av det fireårige løpet. Målet med LPR er tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) med mål om læreplass etter Vg2.

Status pr:	09.04.2019 kl. 09.13.47											
Skule	Tot. elever	Ønsker påbygg/anna	Ønsker vg3 programfag	Ønsker læreplass	Søkt i Vigo 1. pri	Sendt pers. søknad	Utplassert haust	Utplassert vår	Avtale om læreplass	Ekstra støtte	Læreplass i YFF bedrift	
Slåtthaug videregående skule	181	48	5	128	128	52	174	144	73	26	38	
Sotra videregående skule	159	34	16	109	109	31	128	127	64	6	27	
Stord videregående skule	103	1	13	62	71	25	68	74	50	15	36	
Voss gymnas	52	33	0	18	19	16	37	51	3	2	2	
Voss videregående skule	83	25	0	58	57	31	79	77	14	7	12	
Årstad videregående skule	227	29	11	178	146	75	185	158	31	25	20	
<b>SUM</b>	<b>805</b>	<b>170</b>	<b>45</b>	<b>553</b>	<b>530</b>	<b>230</b>	<b>671</b>	<b>631</b>	<b>235</b>	<b>81</b>	<b>135</b>	

Tal pr 09.04.19 viser at 235 (42,49%) av 553 som ønskjer læreplass har fått avtale om læreplass.

LPR er eit godt verktøy, det styrkar kunnskapsgrunnlaget til skuleeigar og gjer det enkelt for rektor, avdelingsleiar og lærar å ha systematisk internkontroll over eigne elevar og deira veg mot læreplass. Lærar kan no følgje progresjonen til den enkelte eleven i klassen og registrere om eleven har fått læreplass, registrere utplassering i YFF og registrere nye bedrifter til skulen sitt nettverk som skulen samarbeider med og har utplassering hjå. LPR gjev lærar, rektor og skuleeigar eit oppdatert bilete av bedriftsnettverket til skulen, status for den enkelte elev, klasse, utdanningsprogram og skule.

I LPR får ein enkelt opp oversikt over skulens bedriftsnettverk, samarbeidsavtalar, karriere og interessekartlegging for eleven, samt oversikt over YFF og oppfølging i faget, oversikt over søknad til læreplass, kven som har fått seg læreplass og oversikt over dei som kan kome til å slite med å få læreplass. Optimal bruk av systemet i LPR i tillegg til skulens internkontroll i høve til fråvær og undervegsvurderingar gjer det mogleg å tidleg identifisere, kartlegge og lage oppfølgingsplan for dei som vil slite med å skaffe seg læreplass.

Fylkesrådmannen ser at det i prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har vore gjennomført fleire tiltak for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Eksempel på aktivitetar er

- Bedriftsnettverket til skulen er no systematisert og gjort tilgjengeleg på Utdanning.no
- Læreplass-kickoff og lærlingkonferanse
- Samarbeidsmøte med bedrifter på skulen
- Dialogmøte med opplæringskontor
- Arbeid for fleire læreplassar gjennom oppsøkjande bedriftsbesøk.

Prosjektet har teke initiativ til og gjennomført ei landsdekkande erfaringsssamling der det var rundt 90 deltakarar frå alle fylke med unntak av to, Finnmark og Østfold.

Hordaland fylkeskommune har gjennom prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» og tilsetning av yrkesfaglege koordinatarar ved skular i prosjektet utvikla viktige verktøy og opparbeidd ein del erfaring, og dette vart delt med dei andre fylka i ei økt med erfaringsdeling. Nær alle fylkeskommunar har tilsvarande stillingar som YFK i Hordaland - stillingar som formidlingskoordinator, yrkesfagkoordinator, arbeidslivskoordinatorar osv.

Erfaring frå konferansen og respons i høve til Hordaland sitt innlegg var overveldande. Alle fylka meinte dei hadde trong for slike system som prosjektet har utvikla, som læreplassrekneskap og formidlingsplanar. Spørsmålet om ei mogleg profesjonalisering av systemet kom og opp. I tillegg ser ein at ein slik møtearena og slike tema treffer alle fylka. Ein slik møtearena er noko fylka vil ta vidare, og eit anna fylke vil arrangere tilsvarande konferanse ved eit seinare høve.

**Yrkesfagleg fordjuping (YFF)** er det største programfaget og er i stor grad inngangsbilletten til ein lærekontrakt, enten etter Vg2 eller Vg1 (1+3-modellen). Dette faget krev mykje samarbeid med næringslivet for å gje elevane den optimale posisjonen for mogleg læreplass. Heile 60 - 70 % av elevar frå Vg2 på landsbasis får seg læreplass gjennom dette faget.

Fylkesrådmannen ser at det er trøng for å få utarbeidd felles retningslinjer som synleggjer struktur og organisering av YFF. Det er store ulikskapar med tanke på korleis skulane nyttar faget YFF. Nokre skular har elevar utplassert på Vg1, medan andre først får utplassering på Vg2.

### **Tilråding - jakt på eit heilskapleg 4-årig opplæringsløp**

Dei yrkesfaglege koordinatorane arbeider med endringsprosessar som omfattar det personlege, systematiske og organisatoriske planet. Fylkesrådmannen meiner desse prosessane tek tid å få fast implementert og få overført til dei andre skulane. Målet er at ein skal skape same kvalitet i heile fylket på sikt. YFF er ein ressurs i tillegg til dei som alt er i skulen. Dersom det skal vere mogleg å få til dei ønska endringane, krev det at nokon har jobben med å drive prosessane, både innan eigen administrasjon og ute i skulane. Prosjektet er planlagt ut 2019, men suksessen i tiltaket er verd å ta vidare i alt arbeid med å sikre eit opplæringsløp der fleire fullfører.

Fylkesrådmannen meiner dei vidaregåande skulane skal ha ei aktiv rolle i formidlingsprosessen frå Vg2 til læreplass. Skulane kan gjennom dette bidra til å auke tal lærebedrifter og tal elevar som får seg læreplass etter Vg2. Ved optimal bruk av skulane sitt handlingsrom innan programfaga og i yrkesfagleg fordjuping oppnår skulen tettare og meir forpliktande samarbeid med arbeidslivet. Skulen får formidlingsansvar i lærefag som har opplæring i bedrift, og med det ansvaret for eleven sin overgang frå Vg2 i skule til opplæring i bedrift. Formidlingsplan for prosess, metodar, rutine og ansvarsfordeling tek i vare det systemretta arbeidet som er utvikla gjennom prosjektet, der det er mål om tidleg formidling til lære.

Implementering av formidlingsplan med aktivitetar både på system- og individnivå må verte ein del av skulens årshjul. Felles retningslinjer og informasjon frå skulane i høve til YFF skal sikre samarbeidet med arbeidslivet og avklare roller og ansvar mellom dei ulike aktørane. Dei vidaregåande skulane skal førebu elevar både fagleg og sosialt for opplæring i bedrift. Gjennom samarbeid med arbeidslivet vert det lagt til rette for at søkjarar til læreplass kan få lærekontrakt/opplæringskontrakt etter Vg2.

Dei vidaregåande skulane får med dette ansvar for avgangselevar fram til dei har skrive under kontrakt med lærebedrift. Dersom avgangselevar ikkje er kvalifisert for overgang til neste trinn skal avgjevarskule sette i verk individuelt tilpassa tilbod, slik at dei kan fullføre opplæringa dei har starta på.

Alternativ fagopplæring i skule (alt. Vg3 i skule) vert sett i gang etter behov. Når eventuelt ei gruppe søkjarar i eit fag står igjen utan læreplass, må skuleeigar ta initiativ til å opprette eit tilbod om alternativ Vg3 i skule i samarbeid med ein eller fleire av dei vidaregåande skulane.

I fag der det står igjen enkeltøkjarar eller få søkjarar må avgjevarskulen vere budd på å sette i gang tilbod om alternativ Vg3 i skule i dei fag det gjeld.


Overgangen mellom skule og bedrift er kritisk for ein del elevar, og det er derfor viktig med eit tett og godt samarbeid mellom skulane, lærebedriftene, opplæringskontor og fylkeskommunen. Områda skulen ligg i, må forplikte seg saman med partane og ha ulike møtearenaer og samarbeidsforum/samarbeidstiltak, til dømes:

- Samarbeidsmøte - nettverk mellom næringslivet og skulen.
- Formaliserte samarbeidsavtalar i YFF
- Læreplasskonferansar
- YFF-faget vert nytta med mål om læreplass.
- Nytte handlingsrommet til skulen
- Metodar for formidling - formidlingsplan inn i skulen sitt årshjul, fokus på ei 4-årig heilskapleg fag - og yrkesopplæring frå dag 1 på yrkesfaglege utdanningsprogram.

- Læreplassverktøyet - IKO-verktøyet og oppfølging av dei som vil slite med å kunne få seg læreplass.

### Brbyggjaren over til lære og oppfølging gjennom lære

Fylkesrådmannen meiner vi med denne modellen set eleven/lærlingen i sentrum og med det får ei teneste som har meirverdi både for individ og system. Det er eit større behov for oppfølging før eleven kjem seg over i lære, når dei kjem i lære fullfører fleire. System og metodar er utvikla, og med det kan YFK-ressursen fordelast på fleire skular i eit område.



### Mål om relevant opplæring i Vg1 og Vg2 og læreplass etter opplæring i Vg2 skule

YFK er bindeleddet for å nå mål om ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring:

1. Skulen Vg1 - Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet – relevant arbeids-/observasjonspraksis og opplæringsarena i faget YFF, YFK - Støtte for skulen i systemarbeidet
2. Skulen Vg2 - Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet
  - relevant arbeidspraksis og opplæringsarena i faget YFF
  - målretta (IKO) oppfølging med mål om læreplass etter Vg2

YFK - Støtte for skule og lærebedrift i overgangen frå elev til lærling, system- og til tider individ-arbeid. YFK bindeleddet mellom skule, forvaltning og opplæringsbedrift, organisator av felles formidlingsaktivitetar.

3. YFK - rettleie, følgje opp og støtte lærlingar/lærekandidatar og lærebedrifter

## Formidling over til lære - forskjell på by og land

Fylkesrådmannen erfarer gjennom prosjektet at det er trong for at ein YFK kan arbeide med systemet slik at ein set skulane betre i stand til å bidra til at fleire ungdommar får prøvd seg i arbeidslivet. Ei samordning av det systematiske arbeidet vil gjere skulane i eit område samla og meir profesjonelle ut mot partane i arbeidslivet. Skulane treng større og betre nettverk av bedrifter både for faget yrkesfagleg fordjuping og for å sikre elevane lik moglegheit til læreplass uavhengig av fagområde og skule.

Det er tydeleg at Bergen med omland er det mest krevjande området, både når det gjeld tal læreplassar i forhold til elevar og det faktum at mange bransjar slit med å rekruttere ungdom. I Bergen var det 33 % av ungdommen frå 10. klasse som valde yrkesfag i 2018, medan det til dømes var 70 % i Nordhordland. Hordaland er eit krevjande fylke å følgje opp. Det er forskjellar mellom by og land, og det er forskjellar mellom bransjar og arbeidsliv.

I Hordaland er om lag 65 % av lærlingane tilslutta eit opplæringskontor, medan dei andre er knytt til einskilde bedrifter. I Sogn og Fjordane er tilsvarande tal 85% i opplæringskontor og 15% i einskilde bedrifter. Sjølv om Hordaland over tid har styrka opplæringskontora og stimulert til at fleire av lærlingane er knytt til opplæringskontor, har tala vore stabile. Vi erfarer og over tid at det ikkje sler særleg ut på gjennomføringa om lærlingane er knytt til kontor eller ikkje. Det er fleire avbrot av kontraktar i opplæringskontor, og det er fleire som stryk på fag- eller sveineprøva av desse lærlingane. Av dei einskilde bedriftene har vi likevel mange av lokomotiva i høve til lærlingordninga i Hordaland: Equinor, Frank Mohn-konsernet, Radøy-gruppen, Rolls Royce osv. Dette er bedrifter der lærlingordninga står sterkt i bedriftskulturen, der svært få/ingen verken sluttar eller stryk på fagprøva. Dette er også populære lærebedrifter der det kan vere vanskeleg å få læreplass.

## Risikovurdering - kven treng følgjast opp?

	2017		2018		2017	2018
	Bestått	Ikkje bestått	Bestått	Ikkje bestått	Sluttarar*	Andel kontraktar
Sjølvestendige	90 %	10 %	90 %	10 %	29 %	35 %
Opplæringskontor	89 %	11 %	88 %	12 %	71 %	65 %

## Støtte over i lære og oppfølging i lære

Fylkeskommunen har i dag fem YFK som opererer på seks vidaregåande skular. Fylkeskommunen har også i tre år statlege midlar til ein stilling til. I denne stillinga er så langt ingen tilsett. Sogn og Fjordane har tilsett ein person i høve til desse statlege midlane.

Av erfaring veit vi at dei som har minst sjanse for å lukkast i vidaregåande opplæring (vgo) er dei med mindre enn 3 i snitt ved inntak til vgo. Tal frå kvalitetsmeldinga for 2018 viser at av elevar med meir enn 45 grunnskulepoeng fullførte og bestod meir enn 94 % skuleåret 2017/18. Alle elevar med over 60 grunnskulepoeng fullførte og bestod i 2017/18, medan berre 56 % av elevane med 25-30 grunnskulepoeng fullførte og bestod. Dei fleste av desse elevane finn vi igjen på yrkesfag. Desse elevane må systematisk følgjast opp på skulen (IKO). Nokre av dei treng at det vert laga ein plan for sluttkompetanse, og ein del treng støtte i overgang til lære frå Vg2 til Vg3. Bedrifter som satsar på desse elevane, vil ha trong for støtte og rettleiing når eleven startar eit opplæringsløp i bedrift.

Samanhengen mellom grunnskulekarakter og fullført og bestått er ikkje like eintydig når ein ser resultat fullført og bestått med fag- sveineprøve. Tal viser oss at elevar ved EL i snitt hadde 39,3 grunnskulepoeng og ei gjennomføring på 91,6 %. Det er også andre faktorar enn grunnskulekarakter som spelar inn når det gjeld grad av fullføring.

Fylkesrådmannen meiner at ein gjennom å spisse og optimalisere ressursbruken inn mot denne gruppa bidreg til ein betre leveranse av tenester. I høve til oppfølging av lærebedrifter og oppfølging i høve til overgang til lære frå skulen i eit område ser fylkesrådmannen det er trong for ressursar til å støtte skulane i dette arbeidet. Desse personane har vi i Hordaland fem av i dag – YFK. YFK er godt innarbeidd med arbeidsoppgåvene som må gjerast for å lukkast. Sogn og Fjordane har i dag delvis tilsvarende ressursar i skulen.

Fylkesrådmannen ønskjer ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring, tett på brukarane, og dette kan nåast gjennom å implementere verktøy og struktur i skulane. YFK-tilsett som kan støtte skular i eit område med systemarbeidet, støtte lærlingar og lærebedrifter i overgangen og undervegs i læreløpet der det trengst. I Hordaland formidlar vi 1800 rettselevar kvart år, og vi står att med 150 elevar som vil trenge ekstra merksemd. Systematisk IKO-arbeid i skulen, støtta av YFK, gjennomføring av aktivitetar og fokus på at eleven skal være tilsetningsklar etter Vg2 vil på sikt gje resultat.


Fylkesrådmannen meiner at det i tillegg til system- og endringsarbeid er trong for å arbeide målretta med følgjande oppgåver for å kunne ha ei føreseieleg fag- og yrkesopplæring i fylket:

- Rekruttere/vedlikehalde bedrifter i lærlingordninga
- Følge opp LPR, bruk av YFF, skulen si involvering i fireårsløpet, avtaler med bedrifter osv
- Støtte i overgangen til lære for dei elvane som ikkje har fått seg læreplass, kartlegging, samarbeid med andre aktørar, PPT, NAV, opplæringskontor og sjølvstendige bedrifter.
- Møte igjen både ungdom og bedrift fyrste halvår i læretida (dei som vi veit har utfordringar)
- Vere støtte og ressurs for bedrifter undervegs i læretida
- Følge opp at eventuelle manglar i høve til teori hjå lærlingane vert retta opp

### **Kvalitet i fag- og yrkesopplæringa**

Fylkesrådmannen meiner vi med dette vil kunne betre kvaliteten på arbeidet som vert gjort, gjennom IKO-arbeidet i skulen og gjennom YFK. Meirverdi vidare vil vere å få utvikla og teke i bruk elektronisk system for å vere tett på i høve til internkontroll for alle lærlingar og lærebedrifter. Opplæring i bedrift krev intern opplæringsplan og halvtårssamtale med kvar lærling.





HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

AUD-notat 01/19

# Midtvegsevaluering – prosjekt auka gjennomføring 2016-19

Spørjeundersøking til yrkesfaglærarar og intervju med rektor/prosjektleiing

## Om evalueringa

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse har fått ansvar for å evaluere prosjektet «auka gjennomføring – fleire ut i lære» i perioden 2016-2019. Første delrapport blei levert vinter/vår 2018. Denne konsentrerte seg om tilstanden på skulane før prosjektet var i gang og korleis ein jobba med faget YFF, samarbeid med bedrift og vegen fram mot læreplass i forkant/byrjinga av prosjektperioden. Denne rapporten vart opphavelig tenkt å dekke prosjektet midtvegs, primært om arbeidsmåtar og rollar, før ein etter kvart landa ein sluttrapport der ein også fokuserte meir på statistikken i høve til læreplassar og samarbeidsavtalar. Prosjektet tek no ei vending ved at fylkestinget i Hordaland vil vurdere framtida til ordninga med yrkesfagleg koordinator ved dei seks prosjektskulane i juni 2019. Difor samanfattast datamateriale frå midtvegsevalueringa til eit notat som grunnlag for oppbygging av den politiske saken.

Resultata viser mellom anna posisjonen til faget YFF som ledd i å få fleire elevar ut i lære, samarbeidet mot næringslivet samt det arbeidet skulen og lærarane gjer for å førebu elevane gjennom verkemiddel som mellom anna kartlegging av interesser, yrkesretting av fellesfag og jobbing med søknadsskriving/CV. Endeleg vil evalueringa også vurdere korleis ideane frå prosjektet om ei meir heilskapleg yrkesutdanning er forankra hos leiing og lærarar ved skulane.

Arbeidet er primært basert på ei spørjeundersøking til yrkesfaglærarar hausten 2018 og intervju med rektor/prosjektleiing i same periode.


# INNHALD

OM EVALUERINGA .....	1
1 FUNN FRÅ UNDERSØKINGA TIL YRKESFAGLÆRAR .....	3
2 INTERVJU MED REKTORAR VED PROSJEKTSKULANE.....	8
3 OPPSUMMERING.....	9

# 1 Funn frå undersøkinga til yrkesfaglærarar

Totalt 144 yrkesfaglærarar ved dei seks prosjektskulane svarte på undersøkinga. Dette utgjer 53 prosent av dei 272 som fekk undersøkinga. Fordelinga mellom skulane viser at dei store variasjonar i kor mange som tok undersøkinga. Dette påverkar på kva nivå ein kan vise resultat. I resultatet går ein difor vidare på ein samla visning utan å gå ned på skulenivå. Det er også slik at det vil vere ein overvekt av programområda helse og oppvekst, TIP, elektro og bygg- og anleggsteknikk i utvalet, sjølv om ein også har deltaking frå DH, naturbruk, SS og RM. Ein kan dermed ikkje utelukke skeivheiter i utvalet.


Kva skule jobbar du ved?



Figur 1: Respondentar fordelt på skule.

## YFF-faget


Frå lærarane si side er det ein klar tilbakemelding om at YFF kan bidra positivt til å skaffe seg læreplass seinare. Nesten 9 av 10 yrkesfaglærarar meiner at YFF bidreg i nokså eller i svært stor grad til at elevlar skaffar seg læreplass:




Når det gjeld prosessen med å skaffe seg utplasseringsplass svarar 40 prosent av lærarane at det av og til hender at elevane ikkje klarer å skaffe seg utplassering, men berre 20 prosent meiner dette skjer ofte:



8 av 10 lærarar svarar også at deira innsats er nokså eller svært avgjerande for at elevane får utplasseringsplass:




Dei aller fleste av lærarane (8 av 10) er nokså eller svært fornøgd med kva elevane har lært i utplassering hos bedrift.



### Samarbeid mot andre aktørar

Lærarane har i større grad samarbeid ut mot bedrift og i mindre grad samarbeid med til dømes opplæringskontor og bransjeorganisasjonar:



Figur 2: Samarbeid med ulike aktørar. Snittverdiar. 1 = i liten grad / 5 = i svært stor grad.

Når det gjeld opplevinga om skulen har rutinar for eller planar om samarbeid med slike aktørar svarar 7 av 10 lærar ja på dette.

### Kartlegging av elevar


Ein av tre lærarar svarar at dei kjenner til at elevane vert kartlagd i høve til interesse og motivasjon før dei vel utdanningsprogram. Det er omtrent ein lik del som svarer nei eller ikkje veit:

Kjenner du til om elevane vert kartlagt i høve til interesse og motivasjon før dei vel utdanningsprogram?	Respondenter	Prosent
Ja	49	36 %
Nei	40	30 %
Veit ikkje	46	34 %
I alt	135	100 %

Kartlegginga blir for det meste nytta vidare blant ved å hjelpe elevane vidare i retninga dei vil vidare i, t.d. i utplassering (dersom dei har klare preferansar), eller tilpassing av undervisning. Den går også inn i eit lengre løp der dei byrjar tidleg å reflektere rundt yrkesvalet og kva elevane kan tenke seg å jobbe med.

## Yrkesretting av fellesfaga


Det er ikkje semje blant lærarane om at fellesfaga er yrkesretta. Det er heller ikkje gjeve ei operasjonalisering av omgrepet yrkesretta. Ein lener seg her på ein subjektiv forståing av om faget er yrkesretta. Norsk er det faget der flest lærarar meiner faget er yrkesretta:




40 prosent meiner at dette faget er yrkesretta i nokså eller i svært stor grad. Deretter følgjer engelsk, her meiner 35 prosent av faget er yrkesretta i nokså/svært stor grad. I matematikk er delen 26 prosent, medan i samfunnsfag meiner berre 20 prosent at faget er yrkesretta i nokså/svært stor grad.

## Undervisning i søknadsskriving og CV

Undervisninga av elevlar i søknadsskriving til lære og utarbeiding av CV skjer primært gjennom fellesfaglærar:




87 prosent av lærarane svarar at fellesfaglærar har dette ansvaret. Samstundes svarar over halvparten at faglærar også underviser i dette. På nokre skular er også YFK og rådgjevar involvert. Fleirtalet av lærarane (65 prosent) er også av den oppfatning at elevane får tilstrekkeleg undervisning i dette:



## Ansvar for elevane etter VG2

Svært mange av lærarane kjenner eit ansvar for å gjere elevane i stand til å skaffe seg læreplass, også etter VG2. 83 prosent svarar at dei i nokså/svært stor grad kjenner på dette ansvaret:




I eit open svaralternativ blei lærarane spurt om *kva rolle yrkesfaglæraren bør ta for at fleire elevar skal få læreplass og fullføre den yrkesfaglege utdanning*. I tabellen under er innspela systematisert etter nokre overordna kategoriar for å gruppere meiningane som kom fram:

Tema	Tal innspel
Førebuing, motivasjon og oppfølging av elevar	12
Bedriftskontakt/kjennskap til bransje	11
Kartlegging og rettleiing av elevar	6
Samarbeid med ulike aktørar (bedrift, føresatte, organisasjonar)	5
Ytterliggare ressursbehov	5
Legge til rette for utplassering	2
Få fram fleire lærebedrifter	1
Vidareutvikling av faget YFF	1

Mange er oppteken av at lærar skal førebu elevane mot læretida og kva yrkeslivet krev og særleg det å motivere til å søke læreplass. Nesten like mange meiner lærar må ha meir kontakt med bedriftene. Dette er ei samansett kategori i den forstand at det omfattar kontakt med bedrift for å få kjennskap til bransjen, auke moglegheiter for å skaffe utplasseringsplass/ læreplass og generell oppfølging av elevane som allereie er i utplassering. Andre innspel går på det å kartlegge og rettleie elevane for å vite meir om deira behov og ønskjer. Samarbeid er også trekt fram av fleire, både mot bedrifter, organisasjonar og føresatte. Det er også enkelte som ser at yrkesfaglærar si rolle allereie er pressa og ein treng meir ressursar for å møte forventningane frå samfunnet.


### Rutinar knytt til ressursteam

88 prosent av lærarane veit om at skulen har rutinar for å melde elevar til ressursteam, men berre halvparten meiner det er nyttig å gjere det. Det er rett nok få som meiner det ikkje er nyttig (17 prosent) og mange er nøytrale i svara her (32 prosent):




### Formidling

Litt over halvparten av lærarane kjenner til at det er ein formidlingsplan på skulen med intensjon om å få elevar vidare i lære. 27 prosent svarar nei her medan 20 prosent ikkje veit. Lærarane er også delt i spørsmålet om formidlingsplanen er eit viktig verkty ved at 28 prosent seier det er viktig medan 28 prosent seier at den er lite eller ikkje viktig i det heile:




## Nytte av YFK

To av tre lærarar meiner YFK er ein nyttig ressurs å ha tilgjengeleg ved skulen:



## Tryggleik om val av yrkesfag blant ungdom

8 av 10 lærarar meiner at ungdom som vel yrkesfag kan vere trygge på at denne utdanninga kan fullførast med fag- eller sveinebrev:





## 2 Intervju med rektorar ved prosjektskulane

### Implementering av prosjektet ved skulen

Ved oppstart av prosjektet og tilsetjing av YFK gav skulane uttrykk for ein innkjøringsfase der ein brukte tid på å bli kjend med kva rolle koordinatoren skulle ha og korleis denne stillinga skulle passa inn i organisasjonen. YFK skulle mellom anna bidra til å få oversikt over skulen sitt nettverk av kontakter i næringslivet, halde kontakt med bedrifter i høve til samarbeidsavtaler om utplassering og ha ein viss kontakt med elevane, alle oppgåver som fram til dette tidspunktet hadde kvilt på lærarane. Dette tok noko tid for å gjere lærarane kjend med oppgåva til YFK og grunngjeve rolla og måla til denne funksjonen i prosjektet:

*Lærarane i YFF jobba mykje på eigenhand og dei måtte venne seg til rolla til YFK. Det har vore ein ny måte å jobbe på.*

*Rektor, Voss gymnas*

Etter kvart har YFK avlasta lærarane meir på desse områda og lærarane har også gjeve positive tilbakemeldingar for arbeidet YFK gjer. Fleire skular gir også uttrykk for at ein lettare blei minna på prosjektet og leveransane gjennom arbeidet til YFK. Det har bidrege til å tenke meir på eit fireårig løp med større merksemd kring formidling.

### YFF-faget

På alle skulane og i dei aller fleste linene er elevane ute i praksis. Fleire rektorar og prosjektleiarar meiner også at dei har fått meir kontakt med næringslivet og bedriftene gjennom YFF. I Bergensområdet er det også blitt meir samordning mellom skulane slik at ein unngår kollisjonar i utplasseringsperiodar i dei same bedriftene. Det har også lykkast skulane å lage samarbeidsavtaler ut mot ulike bransjar, t.d. offentleg sektor. Viktigheita av å få moglegheit til å gjennomføre praksis før ein går ut i lære er ein gjengs oppfatning.

### Skulen sitt ansvar og rolle

Det er auka merksemd om innsatsen skulen bør legge ned i den perioden elevane er hos dei. Enkelte gir uttrykk for denne endringa internt:

*I skulesamanheng har vi eit større ansvar for at dei lukkast. Formidlingsplanen har eit meir tydeleg mål om suksess. Vi følar sterkt for at elevane får lærekontrakt og at dei lukkast. Det er ei ny endring hos oss.*

*Rektor, Voss vgs*

Samstundes er det utfordringar som ligg i skilje mellom rammene for opplæringa og for arbeidslivet:

*Elevane har rett til opplæring, fortrinnsrett til ein plass. Den dagen dei er ferdige og skal formidlast, så har dei ikkje rett til ein læreplass. Ein er prisgjeve bedrifta, arbeidslivets reglar tek over.*

*Prosjektleiar, Slåtthaug*

Enkeltlærarane har framleis ei viktig rolle og enkelte tek til orde for at deira innsats og kompetanse hos lærar er avgjerande. Det same gjeld utstyret på skulen og kva dei får moglegheiter til å lære. Andre ting som trekkast fram er ei betre forståing for kva tilbodet og etterspørsel ein har ute i næringslivet, at ein treng å haldast informert om dette i større grad.

### 3 Oppsummering

YFF-faget er ein sentral del av prosessen fram mot å skaffe seg læreplass for elevane. Lærarane meiner dette faget bidreg positivt i så måte. Erfaringa og opplæringa i utplassering er mange fornøgde med. På den praktiske sida ser ein at det er få av lærarane som ofte opplev at elevar ikkje får utplasseringsplass. Samstundes er oppfatninga at lærar sin innsats framleis avgjerande for at elevane får utplassering.

Når det gjeld samarbeid mellom skulen og andre aktørar er det først og fremst med bedrifter at lærarane har dette, og det er mindre grad av samarbeid mot opplæringskontora og andre bransjeorganisasjonar. Rektorar og prosjektleiarar meiner YFF-faget har opna opp for meir kontakt med næringslivet enn tidlegare.

Dei aller fleste lærarane ser på yrkesfagleg koordinator som ein nyttig ressurs. Samstundes har det mange plassar vore ein periode der ein har måtta tilpassa seg ein ny funksjon i organisasjonen og korleis arbeidsfordelinga skal vere mellom lærar og koordinator.

Kartlegging av elevar i høve til interesse og motivasjon er eit lite brukt verkemiddel. Dei som gjer dette ønskjer å vite meir om kva ønskjer elevane har for utplassering, læreplass osv, medan nokre få svarar dei vil tilpasse undervisninga for den enkelte.

Fellesfaga er i liten grad yrkesretta. Dei faga som i følgje lærarane er kome lengst er faga norsk og engelsk. Vidare er det ei oppfatning om at den undervisninga elevane får i å skrive jobbsøknadar og CV er tilstrekkeleg. Denne undervisninga ligg primært til fellesfaga.

Ressursteam er godt forankra og mange av lærarane har kjennskap til dette, men få meiner det er nyttig å bruke dette. Samstundes er formidlingsplanen lite kjend hos lærarane og det er også få som meiner det er nyttig å ha ein slik plan.

Trass i mangelfull forankring av sentrale planar for korleis elevane skal få læreplass, kjenner lærarane eit ansvar for at elevane får læreplass, også etter at dei har avslutta VG2. Mange lærarar meiner yrkesfaglæraren si rolle må vere å ta meir ansvar for å førebu elevane og motivere til å søke læreplass. Dei har også behov for meir bedriftskontakt generelt for å sikre at fleire får læreplass. Hos leiinga ved skulane er oppfatninga at det er meir fokus på å ta ansvar for elevane i den perioden dei er på skulen enn tidlegare. Det trekkast fram kompetanse hos lærarane, kontaktflaten mot næringslivet, viktigheita av fagbrevet i eit kompetanseperspektiv og det å gje eit best mogleg grunnlag på skulen for vegen vidare i utdanningsløpet.



Arkivnr: 2019/10703-1

Saksbehandlar: Berit Roksvåg

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	42/19	14.05.2019

## Høyring - om endringar i forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte av utvekslingsorganisasjonar og samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet (KD) har sendt på høyring eit notat som gjeld endringar i gjeldande forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte av utvekslingsorganisasjonar og samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule.

Høyringsfristen er 1. juni 2019.

KD foreslår ei ny inndeling av forskrifta i to kapittel – eitt for utvekslingsorganisasjonar og eitt for samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule, (jf. HFK sine Hordalandsklassar i utlandet). Departementet vil endre rekkefølga på vilkåra for å følgje eit utvekslingsopphald frå førebuing til avslutning og slik gjere forskrifta enklare å orientere seg i.

KD foreslår å gjere vilkåra for både godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning for utdanningsstøtte tydelegare. Dette blir gjort ved å presisere tidlegare vilkår om informasjon i forkant av eit utvekslingsopphald, ved tydeleggjering av ansvaret for elevane sin tryggleik under opphaldet i utlandet og nye varslings- og rapporteringsplikter. KD foreslår også å endre namnet samarbeidsprogram til utvekslingssamarbeid, og vidare vil omgrepet «vertsheim» bli brukt for å dekke alle typar innkvartering under eit utvekslingsopphald.

Følgjande regelendringar vil kunne innebere konsekvensar for planlegginga og gjennomføringa av HFK sine Vg2-klassar i utlandet (Hordalandsklassane):

- Skuleeigar skal sørge for at elevar og føresette på eit tidleg tidspunkt har tilgjengeleg informasjon om særlege omstende knytta til tryggleiken under opphaldet (§11)
- Skuleeigar er ansvarleg for å plassere eleven i eigna vertsheim som tilfredsstillar alminnelege krav til økonomi og buforhold i samsvar med levestandarden i det aktuelle landet. Vidare skal skuleeigar ha ein lokal kontaktperson på staden som skal vere tilgjengeleg for elevane (§12)
- Skuleeigar skal utan ugrunna opphald varsle departementet eller den departementet peikar ut om hendingar som gjeld eleven sin tryggleik (§14)

**Økonomi:** Krav til lokal representant som ikkje tilhøyrer den utanlandske skulen, kan få økonomiske og administrative konsekvensar.

**Klima:** ingen effekt

**Folkehelse:** ingen effekt

**Regional planstrategi:** ingen effekt

**Forslag til vedtak**

Utval for opplæring og helse støttar forslag til endringar i høyringsnotatet og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.04.2019

### Bakgrunn:

Kunnskapsdepartementet (KD) har sendt på høyring eit notat som gjeld endringar i gjeldande forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte av utvekslingsorganisasjonar og samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule. Ein elev som skal ta delar av opplæringa i utlandet, får støtte frå Lånekassa ved studieopphald gjennom godkjent utvekslingsorganisasjon eller eit godkjent samarbeidsprogram mellom norsk og utanlandsk skule. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku) har forvalta ordninga med godkjenning for utdanningsstøtte av utvekslingsorganisasjonar og samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule sidan 2013.

Lenke til Høyringsnotat med forslag til forskriftsendringar:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135625134f5d49f5bcca1291188aaeef/horingsnotat-forskrift-om-godkjenning-for-utdanningsstotte-av-utvekslingsorganisasjoner-og-utvekslingssamarbeid-mellom-norsk-videregaende-skole-og-utenlandsk-skole.pdf>

I 2016 gjennomførte og publiserte Diku ei brukarundersøking blant elevar på utveksling det aktuelle året. Formålet med undersøkinga var å kartlegge den opplevde kvaliteten på utvekslingsopphaldet både når det gjaldt vertsskulen og dei sosiale tilhøva rundt opplæringa. Undersøkinga hadde ein stor svarprosent og gav grunnlag for å konkludere med at dei aller fleste av elevane hadde eit godt studieopphald i utlandet, men undersøkinga viste at også mange opplevde utfordringar og ikkje kunne gi tilbakemeldingar om eit godt opphald. Desse utfordringane var særleg knytta til tilhøve i vertsfamiliane. Nokre av dei uakseptable funna blei også trekte fram i media vinteren 2017.

### Departementet sine vurderingar:

KD meiner at delen av elevar på utvekslingsopphald i utlandet som opplever negative situasjonar i vertsfamiliar eller vertsheimar, og som opplever at dei ikkje får tilstrekkeleg hjelp frå ein godkjent utvekslingsorganisasjon er for høg, og departementet foreslår tiltak for å redusere uakseptable situasjonar. KD presiserer at støtte frå Lånekassa er meint for utvekslingsopphald av god kvalitet.

KD foreslår derfor krav om tidleg informasjon i forkant av utvekslingsopphaldet. Det er viktig at elevane blir godt førebudde på ulike kulturelle tilhøve. Elevane har behov for å tilpasse seg ein ny situasjon der blant anna høgare krav til tryggleik, strengare reglar på internat, i vertsfamiliar og på skulen kan vere aktuelle problemstillingar.

Ved godkjenning for utdanningsstøtte for utvekslingssamarbeid mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule må skuleeigar, på same måte som ein utvekslingsorganisasjon, vere ansvarleg for elevane sin tryggleik. Det betyr at skuleeigar vil bli ansvarleg for å plassere elevane i eigna vertsheimar som tilfredsstillir alminnelege krav til økonomi og bustad i samsvar med levestandarden i det aktuelle landet. Skuleeigar skal ha ein lokal kontaktperson som skal vere tilgjengeleg for elevane.

Departementet ønskjer tettare og meir regelmessig oppfølging av særleg utvekslingsorganisasjonar, og departementet foreslår årlege rapporteringar om status og rutinar frå utvekslingsorganisasjonar som grunnlag for ny godkjenning. Departementet foreslår ikkje årleg rapportering for utvekslingssamarbeid, men skuleeigar blir pålagt å melde frå om vesentlege endringar i utvekslingssamarbeidet, og skuleeigar må utan ugrunna opphald varsle Diku om hendingar som gjeld elevane sin tryggleik.

KD peiker på at utanlandsopphald er eit viktig ledd i internasjonalisering av vidaregåande opplæring, og det er viktig at elevar kan oppleve nye kulturar og få nye faglege impulsar. Elevane vil kunne oppleve store kulturforskjellar som kan vere vanskelege for den einskilde, og dei kan oppleve vanskelege situasjonar i vertsfamiliane. Utanlandsopphald skal likevel vere trygge og gode, og utvekslingsorganisasjonar og skuleeigarar skal ha gode rutinar og følge regelverket.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar:**

HFK har i dag gode og innarbeidde rutiner når det gjeld informasjon til elevar og føresette før opphaldet i utlandet. Informasjonen omfattar både kulturelle, faglege og økonomiske tilhøve i landet der eleven skal gjennomføre Vg2. Den nye regelendringa vil gjere det naudsynt å vere tydelegare på utfordringar som gjeld tryggleiken i dei aktuelle samarbeidslanda §11.

I dag er det våre utanlandske samarbeidsskular som er ansvarlege for å finne eigna vertsheimar for elevane (vertsfamiljar og/eller internat). Når nye reglar trer i kraft må HFK som skuleeigar delta meir aktivt i utveljingsprosessen av familiane og vurdere krava til vertsfamiliane på nytt. Både i Wales og i Skottland må vertsfamiliane ha godkjent politiattest for å kunne vere vertsheim for utanlandske elevar. I Frankrike er det ikkje krav om politiattest for å bli godkjent som vertsfamilie, men våre samarbeidsskular gjer ein god bakgrunnsjekk av aktuelle familjar, og nesten alle vertsfamiliane har barn ved våre samarbeidsskular. Fylkesrådmannen meiner at når fylkeskommunen deltek tettare i samarbeidet med dei utanlandske samarbeidsskulane om å finne eigna vertsheimar må dette kunne svare til kravet i §12, første ledd.

Dagens forskrift krev at eit utvekslingsprogram mellom ein norsk vidaregåande skule og ein utanlandsk skule må vise til at det er ein norsk kontaktperson eller eventuelt ein kontaktperson ved samarbeidsskulen i utlandet som kan følge opp elevane gjennom opphaldet. Alle HFK sine Vg2-klasser i utlandet har både ein norsk og ein utanlandsk kontaktperson.

§12, andre ledd, i forslag til ny forskrift krev at skuleeigar skal ha ein lokal kontaktperson på staden som skal vere tilgjengeleg for eleven, og at denne kontaktpersonen så raskt som mogleg skal støtte eleven ved nødsituasjonar og skal utan ugrunna opphald bistå eleven i andre saker som er knytta til skule og vertsheim.

Dersom departementet her meiner at denne kontaktpersonen skal vere ein representant på staden som ikkje er ein del av det utanlandske skulesystemet, vil dette kunne ha både økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar. Skuleeigar vil ha utfordringar med å rekruttere ein lokal representant og ikkje minst med å kvalitetssikre prosessen. Skuleeigar må utarbeide eit system for rekruttering og oppfølging, og ein må særleg vurdere kostnadane med ei slik ordning. Fylkesrådmannen meiner at ein ansvarleg kontaktperson i Norge, kopla med ein kontaktperson på skulen i utlandet, er ei ordning som skuleeigar må kunne vidareføre og som svarer til kravet i § 12, andre ledd.

Fylkesrådmannen er samd i kravet om varslings- og rapporteringspliktene i §13.



Arkivnr: 2017/3598-5

Saksbehandlar: Vibeke Nymo

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	43/19	14.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019

**Eigenandel elev-PC 2019****Samandrag**

Under budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember 2016 vart det løyvd 3 mill. kroner årleg til redusert eigendel elev-pc. Løyvinga er vidareført i budsjettet for 2018 og 2019. Opplærings- og helseutvalet fatta i PS-sak 61/17 9.mai 2017 vedtak om at ekstraløyvinga skulle nyttast til å redusere eigendel for elev-pc, grunnmodellen, med omlag kr 800,-. Det vart også vedteke at satsane for eigendel på elev-pc skulle vedtakast årleg i opplærings- og helseutvalet. I PS- sak 53/18 15.mai 2018 vart eigendelen for elev-pc grunnmodellen sett til same nivå som året før, men på grunn av lågare prisar frå leverandør var det rom for å redusere eigenbetalinga med ytterlegare kr 200,- samt å inkludere uhellsforsikring utan å auke subsidien.

Hordaland fylkeskommune har ei pc-ordning der elevane eig pc-ane sine sjølve. Elevane får tilbod om å kjøpe subsidiert pc gjennom vår innkjøpsavtale; alternativt kan elevane nytte ein pc dei eig. Elevane får tilbod om å kjøpe ein av tre ulike subsidierte modellar:

- ein grunnmodell
- ein kraftigare pc-modell
- ein Mac-modell

På grunn av auka valutakurs vert innkjøpsprisane til fylkeskommunen høgare komande skuleår. Det er også trong for å betre spesifikasjonane på grunnmodellen. Totalt fører det til ein prisauke på om lag kr 900,- på grunnmodellen. På grunn av lågare salsvolum enn budsjettert førre skuleår, meiner fylkesrådmannen at det er rom for å auke subsidien tilsvarende prisauken. I skuleåret 2019/20 vert subsidien til grunnmodellen om lag kr 3 800,-. Kjøpspris vert kr 2 000,- ved kredittkjøp og kr 1 500,- ved kontantkjøp. Inneverande skuleår er det 47 elevar som har valt å kjøpe pc på avbetaling, det er ein nedgang på 122 i høve til førre skuleår. Året før var det 520 elevar som valde å kjøpe pc på avbetaling.

Når det gjeld kraftig pc meiner fylkesrådmannen at det innanfor budsjetttramma er rom for å auke subsidien med kr 200,- til om lag kr 1750,-. For Mac meiner fylkesrådmannen at det er rom for å auke subsidien innanfor budsjetttramma med kr 100,- til om lag kr 1100,-.

Alle maskinene blir selde med tre års garanti. I tillegg får alle som kjøper grunnmodellen i år tre års uhellsforsikring. Å gje elevane uhellsforsikring inkludert i prisen på grunnmodellen vil gje elevane større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader i tre år. Elevane som kjøper kraftig pc eller Mac-maskin, får tilbod om å kjøpe uhellsforsikring for hhv. kr 600 og kr 1400,-.

**Økonomi:** Innstillinga til fylkesrådmannen vil ikkje gje nokon økonomisk konsekvens utover budsjettert kostnad, gitt at det ikkje blir ein vesentleg auke i elevar som kjøper elev-pc grunnmodell.

**Klima:** Ingen kjent effekt

**Folkehelse:** Ingen kjent effekt

**Regional planstrategi:** Ingen kjent effekt

### **Forslag til innstilling**

- 1 Uhellsforsikring vert inkludert i prisen på grunnmodellen. Dette vil gje elevane større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader i tre år.
- 2 Subsidiien på grunnmodellen vert sett til om lag kr 3 800,-.
- 3 Subsidiien til kraftig pc vert sett til om lag kr 1 750,-.
- 4 For Mac-maskinar vert subsidiien sett til om lag kr 1 100,-.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Bakgrunn

Under budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember 2016 vart det løyvd 3 mill. kroner årleg til redusert eigendel elev-pc. Løyvinga er vidareført i budsjettet for 2018 og 2019. Utval for opplæring og helse fatta i PS-sak 61/17 9.mai 2017 vedtak om at ekstraløyvinga skulle nyttast til å redusere eigendel for elev-pc, standardmodellen, med omlag kr 800,-. Det vart også vedteke at satsane for eigendel på elev-pc skulle vedtakast årleg i utval for opplæring og helse. I PS- sak 53/18 15.mai 2018 vart eigendelen for elev-pc standardmodellen sett til same nivå som året før, men på grunn av lågare prisar frå leverandør var det rom for å redusere eigenbetalinga med ytterlegare kr 200,- samt å inkludere uhellsforsikring utan å auke subsidien.

Hordaland fylkeskommune har ei pc-ordning der elevane eig pc-ane sjølve. Elevane får tilbod om å kjøpe subsidiert pc gjennom vår innkjøpsavtale, alternativt kan elevane nytte ein pc dei eig. Elevane får tilbod om å kjøpe ein av tre ulike subsidierte modellar:

- ein grunnmodell
- ein kraftigare pc-modell
- ein Mac-modell

Minimum økonomisk stønad til grunnmodellen er differansen mellom totalpris på grunnmodell og 3 x lågaste utstyrsstipendsats. Skuleåret 2019/2020 er lågaste utstyrsstipendsats kr 1051,- pr år.

### Subsidie og kjøpspris

Ved å organisere innkjøpet som eit felles kjøp er det grunn til å tru at fylkeskommunen får gode rabattar. I tillegg kan fylkeskommunen krevje mva-frådrag for pc-ane. Dette er med på å bidra til at prisane som HFK gir til elevane vert lågare enn det ei tilsvarande maskin vil koste kjøpt enkeltvis i ein butikk.

På grunn av auka valutakurs vert innkjøpsprisen til fylkeskommunen høgare komande skuleår. Det er også trong for å betre spesifikasjonane på grunnmodellen. Totalt fører det til ein prisauke på om lag kr 900,-. På grunn av lågare salsvolum enn budsjettert førre skuleår, meiner fylkesrådmannen at det rom for å auke subsidien tilsvarande prisauken. I skuleåret 2019/20 vert subsidien til grunnmodellen om lag kr 3 800,-. Kjøpspris vert kr 2 000,- ved kredittkjøp og kr 1 500,- ved kontantkjøp. Inneverande skuleår er det 47 elevar som har valt å kjøpe pc på avbetaling, det er ein nedgang på 122 i høve førre skuleår.

Dei siste åra har subsidien til kraftig pc og Mac vore lågare enn subsidien til grunnmodellen. Dette skuldast først og fremst eit ønske om å halde prisane så låge som mogleg på grunnmodellen, men også at ein har hatt dialog med andre fylkeskommunar før prissetting. I 2018/19 vart det ikkje gjort endringar i subsidien av kraftig pc. Fylkesrådmannen meiner at det innanfor budsjetttramma er rom for å auke subsidien med kr 200,- til om lag kr 1750,-. Det vil føre til at kjøpsprisen for kraftig maskin aukar med om lag kr 1200,-. Subsidien til Mac-maskiner vart auka med om lag kr 250,- skuleåret 2018/19, og fylkesrådmannen meiner det er rom for å auke også denne subsidien innanfor budsjetttramma med kr 100 til om lag kr 1100,-. Kjøpsprisen for Mac vil då auke med om lag kr 1000,-.

### Elevmasse og venta tal kjøparar i 2019

Skuleåret 2018/19 var det 1865 elevar som kjøpte grunnmodellen. I 2017/18 kjøpte 1878 grunnmodellen, medan det i skuleåret 2016-17 var 2162 elevar som kjøpte grunnmodellen. I staden for at talet på kjøparar av grunnmodellen aukar når prisen går ned slik vi la til ved berekning av kjøpstal for 2017 og 2018, ser vi ei dreining mot at fleire vel å kjøpe kraftig pc eller Mac. Totalt har 683 fleire kjøpt ein av desse to modellane i 2018/19 enn i 2017/18. Det fører til at totalt kjøpte elevmaskiner aukar frå 3357 til 4027 i 2018/19; ein auke på 670.

Erfaringa frå dei to siste åra viser altså at lågare kjøpspris fører til auka totalt kjøp, men det kan sjå ut til at stadig fleire av elevane vel å kjøpe ein kraftigare maskin eller Mac. Det er ikkje mogleg å lese ut av kjøpstala om lågare eigendel gjer at fleire med svak økonomi får anledning til å kjøpe pc, men det er grunn til å tru at det er slik så lenge andelen som kjøper pc aukar.

Ved å halde same kjøpspris på grunnmodellen trass i valutaauke og betre spesifikasjonar, samt at kraftig modell og Mac får ein prisauke er det grunn til å tru at fleire vil kjøpe elev-pc også komande skuleår, og at veksten vil kome på grunnmodellen. Fylkesrådmannen legg difor til grunn ein auke i talet på elevar som vil kjøpe grunnmodellen på om lag 200 og uendra kjøpstal for kraftig pc og Mac.

Om ein ser bort frå reparasjonar og at elevar gløymer å ta med seg pc på skulen, har ikkje skulane rapportert om problem med at elevane ikkje disponerer pc i undervisninga. Det tyder på at dei som ikkje kjøper elev pc har anna maskin til rådvelde.

Tabellen under syner utviklinga i elevmasse, del som har kjøpt grunnmodell, del som har kjøpt kraftig modell og Mac, tal elevar som har kjøpt grunnmodell og tal elevar som har kjøpt kraftig pc eller Mac.

	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Elevmasse som kan kjøpe subsidiert pc	6700	6400	6200	6400
Del kjøpt grunnmodell	36 %	34 %	30 %	29 %
Del kjøpt kraftig pc eller Mac	18 %	24 %	24 %	34 %
Del ikkje nytta seg av tilbod	46 %	42 %	46 %	37 %
Tal kjøpte grunnmodell	2419	2162	1878	1865
Tal kjøpte pc eller Mac	1205	1531	1479	2162
Total kjøpte maskinar	3624	3693	3357	4027

I 2019 er det venta om lag same avgangskull frå ungdomsskulen som i 2018. Elevar i innføringstilbod var fram til skuleåret 2017/18 dekkja av ei utlånsordning for elev-pc. Frå skuleåret 2018/19 har elevar i innføringstilbod status som Vvg1 elevar og høve til å kjøpe elev-pc. Dette førte til ein auke i talet på elevar med rett til å kjøpe pc inneverande skuleår. Status for innføringstilbod syner at det er venta nedgang i desse tilboda komande skuleår. Venta elevmasse som kan kjøpe subsidiert pc er difor redusert med om lag 200 til 6200.

### Uhellsforsikring

Alle maskinene blir selde med tre års garanti. I tillegg tilbyr leverandør ei uhellsforsikring som ein opsjon. Det er stadig fleire elevar som vel å kjøpe uhellsforsikring ved kjøp av subsidiert maskin; skuleåret 2017/18 valde 60 % uhellsforsikring. Uhellsforsikringa dekkjer eitt uhell årleg. Døme på uhell er knust skjerm og vannsøl. Det vert ikkje kravd eigendel ved bruk av uhellsforsikringa. Elevmaskinene transporterast dagleg mellom skule og heim og vil i løpet av skulegangen kunne bli utsett for skade.

Kostnad for uhellsforsikring er kr 600,-. Dette tiltaket sikrar elevane ei god maskin og gjev større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader. Basert på erfaringar frå 2018/19 vert ordninga med uhellsforsikring vidareført på grunnmodellen. For kraftig pc og Mac er uhellsforsikring ein opsjon.

### Oppsummering

Ved å vidareføre prisen på grunnmodellen trass i betre spesifikasjonar reknar vi med at nokon fleire vil kjøpe denne. Fylkesrådmannen rår til at subsidien på grunnmodellen vert auka til om lag kr 3 800,-. Subsidien til kraftig pc vert auka til om lag kr 1750,- og subsidien for Mac vert auka til om lag kr 1100,-.

Å gje elevane uhellsforsikring inkludert i prisen på grunnmodellen vil gje elevane større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader i tre år. Dei som kjøper kraftig pc eller Mac får tilbod om å kjøpe uhellsforsikring for hhv. om lag kr 600,- og kr 1400,-.